ALVER KOMMUNE

# Innkalling
# av
# Alver kommunestyre

**Møtedato:** 06.05.2021
**Møtestad:** Teams
**Møtetid:** 09:00 -

Eventuelle forfall må meldast til https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 09:00-11:30 arbeidsmøte samfunnsdelen
Kl. 12:00-12:15 ekstraordinær generalforsamling Meland utbyggingsselskap AS
ca.kl. 12:15 ordinær sakshandsaming

## Sakliste

| Saknr | Tittel |
|---|---|
| 051/21 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 052/21 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 053/21 | Endring av Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b |
| 054/21 | Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg - oppfølging av PwC-rapport |
| 055/21 | Handsaming og prioritering av søknadar om spelemidlar/tilskot til lokale kulturbygg i Vestland fylkeskommune 2021 |
| 056/21 | Høyringsuttale - planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv |
| 057/21 | Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune - NY BEHANDLING |
| 058/21 | Samarbeid- og profileringsavtale KnarvikMila og Alver kommune |
| 059/21 | Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune |
| 060/21 | Retningsliner for tilknyting til offentleg VA-anlegg i Alver kommune |
| 061/21 | Retningsliner for bruk av momsavtaler i Alver kommune |
| 062/21 | Lokale til E-sport |
| 063/21 | Reglement for styring av investeringsprosjekt |
| 064/21 | Mellombels tilrettelegging av areal ved Helsehuset |
| 065/21 | Nytt mandat for Brannstasjon på Manger |
| 066/21 | Leveranse av scenarioanalyse Nordhordland / Alver |
| 067/21 | Forskrift for politivedtekter for Alver kommune |
| 068/21 | Melding/orientering til kommunestyret 06.05.2021 |
| 069/21 | Universelt utforma tilkomst til dagsturhytta Sjøbua i Byngja - kostnad og finansiering |

29. april 2021

Sara Hamre Sekkingstad
ordførar

Tove-Mette Arnø Fyllingen
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 29.04.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 051/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Godkjenning av innkalling og saksliste

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Innkalling og saksliste vert godkjent.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 21.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 052/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Godkjenning av møteprotokoll

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Møteprotokollen vert godkjent.

**Vedlegg i saken:**

29.03.2021 Protokoll - Alver kommunestyre - 25.03.2021 1535591

# Møteprotokoll
# for
# Alver kommunestyre

**Møtedato:** 25.03.2021
**Møtestad:** Teams
**Møtetid:** 12:00 - 16:00

Kl. 12:00 Generalforsamling Meland utbyggingsselskap

| **Frammøtte medlemmer** | **Parti** | **Rolle** |
|---|---|---|
| Jon Askeland | SP | Medlem |
| Sara Hamre Sekkingstad | SP | Ordførar |
| Jostein Hellestveit | SP | Medlem |
| Liv Hopland van der Kooij | SP | Medlem |
| May-Irene Wergeland | SP | Medlem |
| Sølvi Gripsgård Knudsen | SP | Medlem |
| Vigdis Villanger | SP | Medlem |
| Laila Bjørge | SP | Medlem |
| Øyvind Oddekalv | AP | Varaordførar |
| Nina Bognøy | AP | Medlem |
| Ståle Juvik Hauge | AP | Medlem |
| Jostein Borlaug | AP | Medlem |
| Anne Grete Eide | AP | Medlem |
| Kirsti Gjetle Floen | AP | Medlem |
| Tormod Skurtveit | AP | Medlem |
| Astrid Aarhus Byrknes | KRF | Medlem |
| Malin Helene Andvik | KRF | Medlem |
| Stian Lavik | KRF | Medlem |
| Else Marie Skartveit Dale | KRF | Medlem |
| Asle Hetlebakke | KRF | Medlem |
| Jogeir Romarheim | KRF | Medlem |
| Thea Risøy | KRF | Medlem |
| Christel Villanger Håland | H | Medlem |
| Kenneth Taule Murberg | H | Medlem |
| Thomas Larsen | H | Medlem |
| Ingrid Fjeldsbø | H | Medlem |
| Mabel Johansen | H | Medlem |
| Morten Klementsen | UAVH | Medlem |
| Terje Sletten-Hansen | UAVH | Medlem |
| Thore Helland | UAVH | Medlem |
| Maria Færø | UAVH | Medlem |
| Hege Nygård Dale | UAVH | Medlem |
| Harald Breivik | UAVH | Medlem |
| Ståle Hopland | UAVH | Medlem |
| Nina Stabell Øvreås | FRP | Medlem |
| Øyvind Bratshaug | H | Medlem |

| | | |
|---|---|---|
| Roy Bø | UAVH | Medlem |
| Leif Johnsen | MDG | Medlem |
| Maya Greve | MDG | Medlem |
| Sveinung Toft | V | Medlem |
| Hendrik Weber | R | Medlem |

| **Forfall meldt frå medlem:** | **Parti** | **Rolle** |
|---|---|---|
| Nils Marton Aadland | H | Medlem |
| Yngve Walaker | UAVH | Medlem |
| Heine Fyllingsnes | H | Medlem |
| Torbjørn Taranger | SV | Medlem |
| Andre Fresvik | SV | Medlem |

| **Frammøtte varamedlemmer:** | **Parti** | **Erstatter medlem** |
|---|---|---|
| May Britt Vågenes Gjerde | SP | |
| Astrid Namtvedt Sylta | AP | |
| Jon Vidar Sakseide | KRF | |
| Arne Johan Sæle | KRF | |
| Henning Fyllingsnes | H | Nils Marton Aadland |
| Erlend Nævdal | UAVH | |
| Aasmund Karlsen | UAVH | |
| Ture Andersen | FNB | Yngve Walaker |
| Anna Ulrika Nordlund | SV | Torbjørn Taranger |

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**
Anny Bastesen-kommunalsjef, Hogne Haugsdal-kommunalsjef, Janne Sund-økonomisjef, Line Merete Valle-eigedomssjef, Martin W. Kulild-ass.rådmann, Siril Therese Sylta-tenesteleiar, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-rådmann

**Sakliste**

| **Saknr** | **Tittel** |
|---|---|
| 024/21 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| 025/21 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 026/21 | Områdeplan Knarvik - Endring - 2. gongs handsaming - Godkjenning |
| 027/21 | 2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. |
| 028/21 | Fastsetjing av planprogram for detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. Planid 46312020006 |
| 029/21 | Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004 |
| 030/21 | Tilleggsfinansiering - Prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal |
| 031/21 | Fondsvedtekter - Fond for kommunalt følgje på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne |
| 032/21 | Ungdomsrådmidlane - Endring retningsliner |
| 033/21 | Gjennomføring og finansiering av E39 Oval rundkjøring , kommunal del |
| 034/21 | Investeringsbudsjett 2020 – framdriftsjustering og rammejustering |
| 035/21 | Handtering av tilbakeføring frå KLP |

| | |
|---|---|
| 036/21 | Miljøløftet - prioritering av prosjekt til handlingsprogram 2022 – 2025 og lokale belønningsmidlar |
| 037/21 | Forskrift om slamtømming i Alver kommune |
| 038/21 | Kulturminner i Alversund - løe og lemstove |
| 039/21 | Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune |
| 040/21 | Høyring - Demografiutvalet. Det handler om Norge |
| 041/21 | Høyringsuttale regional plan for innovasjon og næringsutvikling |
| 042/21 | Medlemskap Klimapartnar Vestland |
| 043/21 | Samarbeidsavtale Invest in Bergen og Etablerersenteret |
| 044/21 | DigiVestland – samarbeid om digitalisering i Vestland |
| 045/21 | Stillingsstopp |
| 046/21 | Stortings- og sametingsvalet 2021 |
| 047/21 | Delegering av mynde i samband med stortings- og sametingsvalet 2021 |
| 048/21 | Melding/orientering til kommunestyret 25.03.2021 |
| 049/21 | Spørsmål/interpellasjon til kommunestyret 25.03.2021 |
| 050/21 | Oversending av vedtak frå Austrheim kommune |

**024/21: Godkjenning av  innkalling og saksliste**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
J.Hellestveit-SP ber om at meldingssak vedtak Austrheim kommune vert sett opp som eigen sak.
Framlegget vart samrøystes vedteke.
Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedtek

**KO- 024/21 Vedtak:**
Innkalling og saksliste er godkjent med ekstrasak 050/21 oversending av vedtak frå Austrheim kommune.

**025/21: Godkjenning av møteprotokoll**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Møteprotokollen vert godkjent.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Ingen merknader, samrøystes.

**KO- 025/21 Vedtak:**
Møteprotokollen er godkjent.

**026/21: Områdeplan Knarvik - Endring - 2. gongs handsaming - Godkjenning**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002.

Gjeldande plandokument vert etter dette føresegn og plankart datert hhv xx.yy.2021 og 02.11.2020.

Vedtaket har heimel etter plan- og bygningslova § 12-12

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Hans Kristian Dolmen-rådgjevar Plan og analyse orienterte og svara på spørsmål.
**Framlegg frå Malin Andvik-Krf:**
***Endring til rådmannen sitt framlegg:***
Utval for areal, plan og miljø ønsker å endre føresegn 1 6.1 til at område bs7, bs8, bs13 og bs14 tas ut. Føresegn blir omformulert i samsvar med det.
Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 033/21 innstilling**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002. Gjeldande plandokument vert etter dette føresegn og plankart datert hhv xx.yy.2021 og 02.11.2020. Vedtaket har heimel etter plan- og bygningslova § 12-12
Utval for areal, plan og miljø ønsker å endre føresegn 1.6.1 til at område bs7, bs8, bs13 og bs14 tas ut. Føresegn blir omformulert i samsvar med det.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Orientering ved kommunalsjef Hogne Haugsdal
Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

**KO- 026/21 Vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endring av Områdeplan for Knarvik, planID 1263-201002.

Gjeldande plandokument vert etter dette føresegn og plankart datert hhv xx.yy.2021 og 02.11.2020.
Vedtaket har heimel etter plan- og bygningslova § 12-12
Kommunestyret ønsker å endre føresegn 1.6.1 til at område bs7, bs8, bs13 og bs14 tas ut. Føresegn blir omformulert i samsvar med det.

**027/21: 2. gongs handsaming - Detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl.**
**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**
«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. PlanID 4631 2020 001, som vist på plankart sist datert 1.2.2021 og med føresegner av revisjonsdato 1.2.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 031/21 innstilling:**
«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. PlanID 4631 2020 001, som vist på plankart sist datert 1.2.2021 og med føresegner av revisjonsdato 1.2.2021. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

**Handsaming**
Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

**KO- 027/21 Vedtak:**
«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Risøy, del av gnr. 81, bnr. 1 mfl. PlanID 4631 2020 001, som vist på plankart sist datert 1.2.2021 og med føresegner av revisjonsdato 1.2.2021.
Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

**028/21: Fastsetjing av planprogram for detaljregulering Grøn omstilling av Mongstad gbnr 127/91 mfl. Planid 46312020006**
**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Orientering til saka v/Christian Frønsdal-Multiconsult

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 030/21 innstilling:**
"Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 7.12.2020 med siste revisjonsdato 19.2.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 1 27/91 mfl. PlanID 4631 2020006. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 1 2-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredninger § 1 6.».

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming**:
Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

**KO- 028/21 Vedtak:**
"Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 7.12.2020 med siste revisjonsdato 19.2.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Grøn omstilling av Mongstad, gbnr. 1 27/91 mfl. PlanID 4631 2020006.
Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 1 2-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredninger § 1 6.».

**029/21: Detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 19.02.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.»

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 032/21 innstilling:**
«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 19.02.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.»

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke

**KO- 029/21 Vedtak:**
«Alver kommunestyre fastset planprogram dagsett 19.02.2021 som grunnlag for vidare utarbeiding av detaljreguleringsplan for Ytre Eidsnes gbnr. 215/2 mfl. PlanID 46312020004. Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 12-9 tredje ledd og forskrift om konsekvensutredningar § 16.»

**030/21: Tilleggsfinansiering - Prosjekt 34001 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 85 400 000 kr eks mva.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 29 967 353 kr eks mva

Avlaup: 2 640 000 kr eks mva.»

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming**
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster, mot 3 (M.Klementsen-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

**FO- 019/21 innstilling:**
«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 85 400 000 kr eks mva.

Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 29 967 353 kr eks mva

Avlaup: 2 640 000 kr eks mva.»

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 9 røyster (M.Klementsen-Uavh., T.Sletten-Hansen-Uavh., T.Helland-Uavh., H.Dale-Uavh., S.Hopland-Uavh., M.Færø-Uavh., H.Breivik-Uavh. Aa.Karlsen-Uavh. og E.Nævdal-Uavh.)

**KO- 030/21 Vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner ny totalramme for prosjektet på 85 400 000 kr eks mva.
Kommunestyret godkjenner nytt budsjett for 2021 fordelt slik:
Vatn: 29 967 353 kr eks mva
Avlaup: 2 640 000 kr eks mva.»

**031/21: Fondsvedtekter - Fond for kommunalt følgje på ferie og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret godkjenner fondsvedtekter – Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne punkt 1 – 9 jamfør vedlegg.

Vedtekter skal vere del av evalueringsrapport for prøveordninga for retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for peronar med nedsett funksjonevne 2021-2022.

**Eldreråd 08.03.2021:**
**Handsaming:**
Det vart sett fram følgjande felles framlegg til uttale:
*Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg;*
*Eldrerådet meiner tilskotssummen på kr 2500,- er for altfor liten og bør aukast.*
*Dersom den samla tilskotssummen for 2021 ikkje blir brukt opp, må summen overførast til neste år.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegg til uttale sett fram i møtet.

**ER- 009/21 uttale**
Eldrerådet kjem med følgjande uttale:
Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande tillegg;
Eldrerådet meiner tilskotssummen på kr 2500,- er for altfor liten og bør aukast.
Dersom den samla tilskotssummen for 2021 ikkje blir brukt opp, må summen overførast til neste år.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:**
**Handsaming:**
**Framlegg frå Reidar Knutsen-SAFO:**
Ved etablering av ferieretningsliner bad RMNF om at Alver kommune dekkar ekstrakostnad til løn, men dette vart ikkje teke inn. Prosjektgruppa sine eksempel viste svært høge ekstrakostnader for dei som treng kommunalt følgje, og 2.500,- per kommunalt tilsett per tur vil dekke ein svært liten del. RMNF er redd nesten ingen vil ha økonomi til å nytta tilbodet, og at det meste av fondet difor vert ståande ubrukt. Difor ber RMNF om at det maksimale tilskotet aukast, og vert sett til inntil 10.000,- per kommunalt tilsett per tur.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**RMNF- 012/21 uttale**
Ved etablering av ferieretningsliner bad RMNF om at Alver kommune dekkar ekstrakostnad til løn, men dette vart ikkje teke inn. Prosjektgruppa sine eksempel viste svært høge ekstrakostnader for dei som treng kommunalt følgje, og 2.500,- per kommunalt tilsett per tur vil dekke ein svært liten del. RMNF er redd nesten ingen vil ha økonomi til å nytta tilbodet, og at det meste av fondet difor vert ståande ubrukt. Difor ber RMNF om at det maksimale tilskotet aukast, og vert sett til inntil 10.000,- per kommunalt tilsett per tur.

**Ungdomsråd 08.03.2021:**
**Handsaming:**
Orientering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

**UR- 011/21 uttale:**
Tatt til orientering.

**Utval for helse og omsorg 09.03.2021:**
**Handsaming:**
På vegne av AP, SP og KRF sette utvalsleiar Ståle Hauge-AP fram følgjande framlegg:
Som rådmannen med følgjande endringar:
Nytt Punkt 7.1.
Tilskotstak per tur vert sett til inntil 50% av ekstrakostnadene innbyggjarane får med utgifter til følgepersonar (dette gjeld ekstra lønsutgifter, døgntillegg og diett)

Nytt Punkt.7.2.
Kommunen skal nytte skjønn ved tildelinga av fondsmidlar. Ein skal prioritere brukarar som har størst hjelpebehov og størst vanskar med å komme på tur utan tilskot. Deretter skal personar som ikkje har vore på fritidsreiser nyleg med støtte frå fondet, prioriterast, for å oppnå ei rullering av kven som får tildelingar, dersom fondet ikkje er stort nok til samtlege søkjarar kvart år.

Utvalet vedtok samrøystes fellesframlegg frå AP, SP og KRF.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med endringsframlegget sett fram i møtet.

**HO- 009/21 innstilling:**
Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:
Kommunestyret godkjenner fondsvedtekter – Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne punkt 1 – 9 jamfør vedlegg.
Vedtekter skal vere del av evalueringsrapport for prøveordninga for retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonevne 2021-2022.

Nytt Punkt 7.1.
Tilskotstak per tur vert sett til inntil 50% av ekstrakostnadene innbyggjarane får med utgifter til følgepersonar (dette gjeld ekstra lønsutgifter, døgntillegg og diett)

Nytt Punkt.7.2.
Kommunen skal nytte skjønn ved tildelinga av fondsmidlar. Ein skal prioritere brukarar som har størst hjelpebehov og størst vanskar med å komme på tur utan tilskot. Deretter skal personar som ikkje har vore på fritidsreiser nyleg med støtte frå fondet, prioriterast, for å oppnå ei rullering av kven som får tildelingar, dersom fondet ikkje er stort nok til samtlege søkjarar kvart år.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstilling frå utval for helse og omsorg vart samrøystes vedteke.

**KO- 031/21 Vedtak:**
Kommunestyret godkjenner fondsvedtekter – Fond for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonsevne punkt 1 – 9 jamfør vedlegg.
Vedtekter skal vere del av evalueringsrapport for prøveordninga for retningslinje for kommunalt følgje på ferie- og fritidsreise for personar med nedsett funksjonevne 2021-2022.
Nytt Punkt 7.1. Tilskotstak per tur vert sett til inntil 50% av ekstrakostnadene innbyggjarane får med utgifter til følgepersonar (dette gjeld ekstra lønsutgifter, døgntillegg og diett) Nytt Punkt.7.2. Kommunen skal nytte skjønn ved tildelinga av fondsmidlar. Ein skal prioritere brukarar som har størst hjelpebehov og størst vanskar med å komme på tur utan tilskot. Deretter skal personar som ikkje har vore på fritidsreiser nyleg med støtte frå fondet, prioriterast, for å oppnå ei rullering av kven som får tildelingar, dersom fondet ikkje er stort nok til samtlege søkjarar kvart år.

**032/21: Ungdomsrådmidlane - Endring retningsliner**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver ungdomsråd kjem i møte fram til eit nytt framlegg, som tilpassar seg vedtaket frå OKK 02..02.21. Alver ungdomsråd nyttar eventuelt òg moglegheiten til å sjå kva andre endringar ein ynskjer, for å sikra god handsaming i framtida.

**Ungdomsråd 08.03.2021:**
**Handsaming:**
Orientering i saka v/Robert L Hansen.
Utvalsleiar for Oppvekst, kunnskap og kultur deltok under oppstart av saka.
UR drøfta vedtaket frå OKK 02.02.2021 saman med utvalsleiar for OKK.
Etter drøfting kom UR fram til følgjande fellesframlegg:
-UR legg fram dei same forslaga som sist, men med nokre justeringar og tillegg.
UR vil ikkje endra punkt 9 i framlegget, då UR meinar at dei ut frå politisk reglement "disponerer midlane dei til ein kvar tid har på kommunebudsjettet". UR vil påpeika at ordninga med "ungdomsrådmidlane" er eit produkt av UR, og at UR kan velje å ikkje nytte alle midlane til ordninga. Til dømes, om UR ynskjer å nytta delar av midlane til ein konferanse for ungdom, kan dei det.

Framlegg endringar:

**- Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:**
Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

**- Leggje til i punkt 3 i retningslinene etter "lønn/honorar":**
- klassetur

- **Endre punkt 2 i retningslinene frå:**
Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkarane vere i målgruppa 13-19 år. Til: Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkarane vere i målgruppa 13-19 år.

**- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål…»):**
Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

**- Leggje til nytt punkt, 9:**
9. Unytta midlar
Om det står att unytta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meinar fortener ekstra støtte.
UR står elles fritt til å disponera midlane til andre føremål,
så lenge dei nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

**UR- 010/21 uttale:**
-UR legg fram dei same forslaga som sist, men med nokre justeringar og tillegg.
UR vil ikkje endra punkt 9 i framlegget, då UR meinar at dei ut frå politisk reglement "disponerer midlane dei til ein kvar tid har på kommunebudsjettet". UR vil påpeika at ordninga med "ungdomsrådmidlane" er eit produkt av UR, og at UR kan velje å ikkje nytte alle midlane til ordninga. Til dømes, om UR ynskjer å nytta delar av midlane til ein konferanse for ungdom, kan dei det.

Framlegg endringar:

**- Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:**
Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

**- Leggje til i punkt 3 i retningslinene etter "lønn/honorar":**
- klassetur

- **Endre punkt 2 i retningslinene frå:**
Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkarane vere i målgruppa 13-19 år. Til: Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkarane vere i målgruppa 13-19 år.

**- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål…»):**
Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

**- Leggje til nytt punkt, 9:**
9. Unytta midlar
Om det står att unytta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meinar fortener ekstra støtte.
UR står elles fritt til å disponera midlane til andre føremål,
så lenge dei nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

Samrøystes vedteke.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:**
**Handsaming:**
Leiar i ungdomsrådet-Edas Kondrotas og ungdomskoordinator-Robert Lorang Hansen orienterte og svarte på spørsmål.
**Fellesframlegg:**
Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningsliner for Ungdomsrådmidlane i samsvar med uttale frå Ungdomsrådet 08.03.2021.

Framlegget vart samøystes vedteke.

**OKK- 012/21 innstilling:**
Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningsliner for Ungdomsrådmidlane i samsvar med uttale frå Ungdomsrådet 08.03.2021:

Ungdomsrådet (UR) legg fram dei same forslaga som sist, men med nokre justeringar og tillegg.
Ungdomsrådet vil ikkje endra punkt 9 i framlegget, då UR meinar at dei ut frå politisk reglement "disponerer midlane dei til ein kvar tid har på kommunebudsjettet". UR vil påpeika at ordninga med "ungdomsrådmidlane" er eit produkt av UR, og at UR kan velje å ikkje nytte alle midlane til ordninga. Til dømes, om UR ynskjer å nytta delar av midlane til ein konferanse for ungdom, kan dei det.

Framlegg endringar:

**- Leggje til i punkt 1 i retningslinene etter første punktum:**
Søknadar skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø.

**- Leggje til i punkt 3 i retningslinene etter "lønn/honorar":**

- klassetur

**- Endre punkt 2 i retningslinene frå:**
Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst ein av søkarane vere i målgruppa 13-19 år. Til: Ved søknad frå gruppering av ungdom eller lag/organisasjonar må minst tre av søkarane vere i målgruppa 13-19 år.

**- I punkt 5 i retningslinene, leggje til (etter «Søkar må formulere eit mål...»):**
Søknaden må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.

**- Leggje til nytt punkt, 9:**
9. Unytta midlar
Om det står att unytta midlar ved slutten av året, kan ungdomsrådet etter eige skjønn gje støtte til aktørar i oppvekstmiljøet dei meinar fortener ekstra støtte.
UR står elles fritt til å disponera midlane til andre føremål,
så lenge dei nyttast for å betre dei unge sitt oppvekstmiljø.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
**Framlegg på vegne av samarbeidspartia Høgre/ KRF/ SP og AP ved C.Haaland-H:**
Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningslinjer for Ungdomsrådsmidlane med desse endringane:

Pkt 1, leggje til etter første punktum....«Søknader skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø».
Pkt 2, endre frå..... «minst ein av søkarane» til «minst tre av søkarane».
Pkt 3 - «dette kan ein Ikkje søkje om...leggje til eit nytt punkt med «klassetur».
Pkt 5, leggje til etter - «betre dei unge sitt oppvekstmiljø», «Søknaen må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.»
Pkt 9, «Unytta midlar», leggje til «Om det ved årets slutt står att unytta midlar, vil desse pengane verte overført til neste år".
Framlegget vart samrøystes vedteke

**KO- 032/21 Vedtak:**
Kommunestyret godkjenner oppdaterte retningslinjer for Ungdomsrådsmidlane med desse endringane:

Pkt 1, leggje til etter første punktum....«Søknader skal handsamast av ungdom, for ungdom. Ordninga skal stimulera ungdom til å engasjere seg i sitt oppvekstmiljø».
Pkt 2, endre frå..... «minst ein av søkarane» til «minst tre av søkarane».
Pkt 3 - «dette kan ein Ikkje søkje om...leggje til eit nytt punkt med «klassetur».
Pkt 5, leggje til etter - «betre dei unge sitt oppvekstmiljø», «Søknaen må visa korleis ungdom har vore involvert i søknad, og eventuelt korleis dei skal bidra i planlegging og gjennomføring av tiltaket.»
Pkt 9, «Unytta midlar», leggje til «Om det ved årets slutt står att unytta midlar, vil desse pengane verte overført til neste år".

**033/21: Gjennomføring og finansiering av E39 Oval rundkjøring , kommunal del**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner finansiering av oval rundkjøring, kommunal del med prosjektramme på 20 200 000.

Kommunestyret godkjenner budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 8 100 000 kr eks mva

Avlaup: 12 100 000 kr eks mva.

Prosjektet vert finansiert av lånemidlar i 2021 og vert innarbeidd i investeringsoversynet per 1. tertial. Auken i 2021 blir løyst i økonomiplanperioden ved at midlene hentast innanfor gjeldande budsjettramme for vatn – og avløpsprosjekt i dei øvrige åra i økonomiplanen »

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 018/21 innstilling**
«Kommunestyret godkjenner finansiering av oval rundkjøring, kommunal del med prosjektramme på 20 200 000.

Kommunestyret godkjenner budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 8 100 000 kr eks mva

Avlaup: 12 100 000 kr eks mva.

Prosjektet vert finansiert av lånemidlar i 2021 og vert innarbeidd i investeringsoversynet per 1. tertial. Auken i 2021 blir løyst i økonomiplanperioden ved at midlene hentast innanfor gjeldande budsjettramme for vatn – og avløpsprosjekt i dei øvrige åra i økonomiplanen »

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming**
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 033/21 Vedtak:**
«Kommunestyret godkjenner finansiering av oval rundkjøring, kommunal del med prosjektramme på 20 200 000.

Kommunestyret godkjenner budsjett for 2021 fordelt slik:

Vatn: 8 100 000 kr eks mva

Avlaup: 12 100 000 kr eks mva.

Prosjektet vert finansiert av lånemidlar i 2021 og vert innarbeidd i investeringsoversynet per 1. tertial. Auken i 2021 blir løyst i økonomiplanperioden ved at midlene hentast innanfor gjeldande budsjettramme for vatn – og avløpsprosjekt i dei øvrige åra i økonomiplanen »

**034/21: Investeringsbudsjett 2020 – framdriftsjustering og rammejustering**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Unytta investeringsmidlar i 2020 vert flytta til 2021 i samsvar med tabell 1 i saksutgreiinga. Investeringsbudsjettet for 2021 vert auka med 85,93 mill. kr knytt til dette. Auken vert finansiert av unytta lånemidlar og momsrefusjon som skissert i saksutgreiinga.

2. Alversund skule har hatt høgare økonomisk framdrift i 2020 enn budsjettert og budsjettramma for 2021 for prosjekt 22001 Alversund skule vert redusert med 9,1 mill. kr jfr. tabell 2 i saksutgreiinga.

3. Det vert lagt inn 560 000 kr på nytt prosjekt 30003 til kjøp av feiarbil i investeringsbudsjettet for 2021. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

4. Investeringsramma til kjøp av tre nye brannbilar (prosjekt 33002) vert auka frå 13,9 mill. kr til kr 18,5 mill. kr. Auken vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

5. Det vert lagt inn 2 210 000 kr til nytt investeringsprosjekt 13007 til kjøp av utstyr knytt til NHLV, legetenesta og fysioterapitenesta i samband med innflytting i Helsehuset. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

6. Prosjekt 36017 – Mjåtveitvegen (med bidrag frå Egil Danielsen Stiftelse) vert auka med
6 350 000. Auken vert finansiert med 4 020 000 kr i anleggsbidrag, 1 060 000 kr i bruk av unytta lånemidlar og med 1 270 000 kr i momsrefusjon.

7. 1 500 000 kr vert flytta frå prosjekt 34053 Nystøltunet Fyllingsnes vatn til prosjekt 35016 Nystøltunet Fyllingsnes avlaup.

8. Som følgje av vedtakspunkt 1 – 7 aukar investeringsbudsjettet i 2021 med 90,55 mill. kr. Dette vert finansiert i samsvar med vedlegg 1, med 74,89 mill. kr i ubrukte lånemidlar frå tidlegare år, 11,39 mill. kr i momsrefusjon, 0,25 mill. kr i bruk av ubundne fond og 4,02 mill. kr i bruk av bundne fond.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FO- 020/21 innstilling:**

1. Unytta investeringsmidlar i 2020 vert flytta til 2021 i samsvar med tabell 1 i saksutgreiinga. Investeringsbudsjettet for 2021 vert auka med 85,93 mill. kr knytt til dette. Auken vert finansiert av unytta lånemidlar og momsrefusjon som skissert i saksutgreiinga.

2. Alversund skule har hatt høgare økonomisk framdrift i 2020 enn budsjettert og budsjettramma for 2021 for prosjekt 22001 Alversund skule vert redusert med 9,1 mill. kr jfr. tabell 2 i saksutgreiinga.

3. Det vert lagt inn 560 000 kr på nytt prosjekt 30003 til kjøp av feiarbil i

investeringsbudsjettet for 2021. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

4. Investeringsramma til kjøp av tre nye brannbilar (prosjekt 33002) vert auka frå 13,9 mill. kr til kr 18,5 mill. kr. Auken vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

5. Det vert lagt inn 2 210 000 kr til nytt investeringsprosjekt 13007 til kjøp av utstyr knytt til NHLV, legetenesta og fysioterapitenesta i samband med innflytting i Helsehuset. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

6. Prosjekt 36017 – Mjåtveitvegen (med bidrag frå Egil Danielsen Stiftelse) vert auka med 6 350 000. Auken vert finansiert med 4 020 000 kr i anleggsbidrag, 1 060 000 kr i bruk av unytta lånemidlar og med 1 270 000 kr i momsrefusjon.

7. 1 500 000 kr vert flytta frå prosjekt 34053 Nystøltunet Fyllingsnes vatn til prosjekt 35016 Nystøltunet Fyllingsnes avlaup.

8. Som følgje av vedtakspunkt 1 – 7 aukar investeringsbudsjettet i 2021 med 90,55 mill. kr. Dette vert finansiert i samsvar med vedlegg 1, med 74,89 mill. kr i ubrukte lånemidlar frå tidlegare år, 11,39 mill. kr i momsrefusjon, 0,25 mill. kr i bruk av ubundne fond og 4,02 mill. kr i bruk av bundne fond.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 034/21 Vedtak:**

1. Unytta investeringsmidlar i 2020 vert flytta til 2021 i samsvar med tabell 1 i saksutgreiinga. Investeringsbudsjettet for 2021 vert auka med 85,93 mill. kr knytt til dette. Auken vert finansiert av unytta lånemidlar og momsrefusjon som skissert i saksutgreiinga.

2. Alversund skule har hatt høgare økonomisk framdrift i 2020 enn budsjettert og budsjettramma for 2021 for prosjekt 22001 Alversund skule vert redusert med 9,1 mill. kr jfr. tabell 2 i saksutgreiinga.

3. Det vert lagt inn 560 000 kr på nytt prosjekt 30003 til kjøp av feiarbil i investeringsbudsjettet for 2021. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

4. Investeringsramma til kjøp av tre nye brannbilar (prosjekt 33002) vert auka frå 13,9 mill. kr til kr 18,5 mill. kr. Auken vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

5. Det vert lagt inn 2 210 000 kr til nytt investeringsprosjekt 13007 til kjøp av utstyr knytt til NHLV, legetenesta og fysioterapitenesta i samband med innflytting i Helsehuset. Prosjektet vert finansiert med bruk av unytta lånemidlar og momsrefusjon.

6. Prosjekt 36017 – Mjåtveitvegen (med bidrag frå Egil Danielsen Stiftelse) vert auka med
6 350 000. Auken vert finansiert med 4 020 000 kr i anleggsbidrag, 1 060 000 kr i bruk av unytta lånemidlar og med 1 270 000 kr i momsrefusjon.

7. 1 500 000 kr vert flytta frå prosjekt 34053 Nystøltunet Fyllingsnes vatn til prosjekt 35016 Nystøltunet Fyllingsnes avlaup.

8. Som følgje av vedtakspunkt 1 – 7 aukar investeringsbudsjettet i 2021 med 90,55 mill. kr. Dette vert finansiert i samsvar med vedlegg 1, med 74,89 mill. kr i ubrukte lånemidlar frå tidlegare år, 11,39 mill. kr i momsrefusjon, 0,25 mill. kr i bruk av ubundne fond og 4,02 mill. kr i bruk av bundne fond.

**035/21: Handtering av tilbakeføring frå KLP**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret vedtar alternativ 1. Tilbakeføringa frå KLP vert i sin heilskap nytta til å betale pensjonspremie i 2021. Den reduserte arbeidsgjevaravgifta i 2021 på 18,3 mill. kr vert innarbeidd i 1. tertialrapport. Dei økonomiske konsekvensane for 2022 – 2028 vert innarbeidd i økonomiplan 2022 – 2025.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming**
**Framlegg frå M.Klementsen-uavh.:**
Beskrevet Basisalternativ blir nytta i saken.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsen-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 021/21 innstilling:**
Kommunestyret vedtar alternativ 1. Tilbakeføringa frå KLP vert i sin heilskap nytta til å betale pensjonspremie i 2021. Den reduserte arbeidsgjevaravgifta i 2021 på 18,3 mill. kr vert innarbeidd i 1. tertialrapport. Dei økonomiske konsekvensane for 2022 – 2028 vert innarbeidd i økonomiplan 2022 – 2025.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming**
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 035/21 Vedtak:**
Kommunestyret vedtar alternativ 1. Tilbakeføringa frå KLP vert i sin heilskap nytta til å betale pensjonspremie i 2021. Den reduserte arbeidsgjevaravgifta i 2021 på 18,3 mill. kr vert innarbeidd i 1. tertialrapport. Dei økonomiske konsekvensane for 2022 – 2028 vert innarbeidd i økonomiplan 2022 – 2025.

**036/21: Miljøløftet - prioritering av prosjekt til handlingsprogram 2022 – 2025 og lokale belønningsmidlar**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune sluttar seg til dei tilrådingane som er lagt fram i saka.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Behandling:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.
**Tilleggsframlegg frå SP, AP, KRF og H ved N.M.Aadland-H:**
Alver kommune ber om at snøggbåtsambandet mellom Bergen, Frekhaug og Knarvik (Nordhordlandsruta) blir lagt inn i takstsone A. I tillegg må rutefrekvensen på dette sambandet aukast.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 024/21 innstilling:**
Alver kommune sluttar seg til dei tilrådingane som er lagt fram i saka.
Alver kommune ber om at snøggbåtsambandet mellom Bergen, Frekhaug og Knarvik (Nordhordlandsruta) blir lagt inn i takstsone A. I tillegg må rutefrekvensen på dette sambandet aukast.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 036/21 Vedtak:**
Alver kommune sluttar seg til dei tilrådingane som er lagt fram i saka.

Alver kommune ber om at snøggbåtsambandet mellom Bergen, Frekhaug og Knarvik (Nordhordlandsruta) blir lagt inn i takstsone A. I tillegg må rutefrekvensen på dette sambandet aukast.

**037/21: Forskrift om slamtømming i Alver kommune**
**RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**
Med heimel i forureiningslova § 26, jf. § 30 vert det vedteke lokal forskrift om slamtømming i Alver kommune.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøsytes vedteke.

**FO- 028/21 innstilling:**
Med heimel i forureiningslova § 26, jf. § 30 vert det vedteke lokal forskrift om slamtømming i Alver kommune.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke

**KO- 037/21 Vedtak:**
Med heimel i forureiningslova § 26, jf. § 30 vert det vedteke lokal forskrift om slamtømming i Alver kommune.

**038/21: Kulturminner i Alversund - løe og lemstove**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret ber rådmannen gjere følgande endringar i oppfølginga av bevaring av lemstova knytt til Alversund skule prosjektet.
1) Søke dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova
2) Selje/gje vekk lemstova
3) Jobbe vidare med moglege løysingar for å bevare og nytte løa

Kommunestyret vedtek å flytte 4,3 millionar kroner, opphaveleg avsett til å oppfylle rekkefølgjekrava innan kulturminnevern i områdeplan for Alversund, til prosjekt for løa på Nedre Alver. Dette føreset at det er gitt dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:**
**Handsaming:**
Orientering til saka v/Inger Marie Jordal-prosjekleiar
Rådmannen sitt famlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 010/21 uttale:**
Ingen merknader.

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**
**Handsaming:**
**Fellesframlegg v/Malin Andvik-Krf:**
***Endringsframlegg:***
Endring av punkt 3. Areal plan og miljø ber om at det kommer opp en egen sak på moglege løysningar for å bevare og nytte løa med nødvendige kostnadoverslag.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 043/21 uttale:**
Endring av punkt 3. Areal plan og miljø ber om at det kommer opp en egen sak på moglege løysningar for å bevare og nytte løa med nødvendige kostnadoverslag.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke
**Tilleggsframlegg frå N.Bognøy-AP:**
Kommunestyret viser til punkt 3 i framlegget frå rådmann og kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdera vidt i mulige måtar å nytta og å visa fram løa for ålmenta. Kommunestyret ber også rådmann søke etter og vurdera mulighet for eksterne finansiering.

-Kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdera dialog med kreative miljø, td Arkitekthøgskule, kunsthøgskule, og relevante vernemynder, her under også nasjonale mynder i vidare arbeid med bevaring og utvikling av løa.

-Kommunestyret ber om orienteringar undervegs i arbeidet. Orienteringane vert lagt fram for relevante hovudutvalg, formannskap og Alver kulturråd.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**FO- 025/21 innstilling:**
Kommunestyret ber rådmannen gjere følgande endringar i oppfølginga av bevaring av lemstova knytt til Alversund skule prosjektet.
1) Søke dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova
2) Selje/gje vekk lemstova
3) Jobbe vidare med moglege løysingar for å bevare og nytte løa
Kommunestyret vedtek å flytte 4,3 millionar kroner, opphaveleg avsett til å oppfylle rekkefølgjekrava innan kulturminnevern i områdeplan for Alversund, til prosjekt for løa på Nedre Alver. Dette føreset at det er gitt dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova.

Kommunestyret viser til punkt 3 i framlegget frå rådmann og kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdera vidt i mulige måtar å nytta og å visa fram løa for ålmenta. Kommunestyret ber også rådmann søke etter og vurdera mulighet for eksterne finansiering.

-Kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdera dialog med kreative miljø, td Arkitekthøgskule, kunsthøgskule, og relevante vernemynder, her under også nasjonale

mynder i vidare arbeid med bevaring og utvikling av løa.

-Kommunestyret ber om orienteringar undervegs i arbeidet. Orienteringane vert lagt fram for relevante hovudutvalg, formannskap og Alver kulturråd.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstilling frå formannskapet punkt 1 og 2 formannskapet vart samrøystes vedteke.

Punkt 3 frå innstillinga frå formannskapet fekk ingen røyster og fall.

**Framlegg frå N.Bognøy-AP og M.Andvik-KRF:**
Punkt 3.

Jobbe vidare med mogelege løysingar for å bevare og nytte løa.

Kommunestyret vedtek å flytte 4,3 millioner kroner, opphaveleg avsett til å oppfylle rekkefølgjekrava innan kulturminnevern i områdeplan for Alversund, til prosjekt for løa på Nedre Alver. Dette føreset at det er gitt dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova.

a) Kommunestyret ber om at det kjem opp eiga sak på mogelege løysingar for løa med kostnadsoverslag.

b) Kommunestyret viser til punkt 3 i framlegget og kommunestyret oppmodar rådmannen om å vurdera breidt i mulige måtar å nytte og å visa fram løa for ålmenta. Kommunestyret ber også rådmann søke etter og vurdera mulighet for ekstern finansiering og eller medfinansiering.

c) Kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdera dialog med kreative miljø, td Arkitekthøgskular, kunsthøgskule og relevante vernemynder, også nasjonale mynder i vidare arbeid med bevaring og utvikling av løa.

d) Kommunestyret ber om orienteringar undervegs i arbeidet. orienteringane vert lagt fram for relevante hovudutval, formannskap og Alver kulturråd.

Framlegget vart samrøystes vedteke

**KO- 038/21 Vedtak:**
Kommunestyret ber rådmannen gjere følgande endringar i oppfølginga av bevaring av lemstova knytt til Alversund skule prosjektet.

1) Søke dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova
2) Selje/gje vekk lemstova
3) Jobbe vidare med mogelege løysingar for å bevare og nytte løa.

Kommunestyret vedtek å flytte 4,3 millioner kroner, opphaveleg avsett til å oppfylle rekkefølgjekrava innan kulturminnevern i områdeplan for Alversund, til prosjekt for løa på Nedre Alver. Dette føreset at det er gitt dispensasjon frå kravet om å gjenreise lemstova.

a) Kommunestyret ber om at det kjem opp eiga sak på mogelege løysingar for løa med kostnadsoverslag.

b) Kommunestyret viser til punkt 3 i framlegget og kommunestyret oppmodar rådmannen om å vurdera breidt i mulige måtar å nytte og å visa fram løa for ålmenta. Kommunestyret ber også rådmann søke etter og vurdera mulighet for ekstern finansiering og eller medfinansiering.

c) Kommunestyret oppmodar rådmann om å vurdera dialog med kreative miljø, td Arkitekthøgskular, kunsthøgskule og relevante vernemynder, også nasjonale mynder i vidare arbeid med bevaring og utvikling av løa.

d) Kommunestyret ber om orienteringar undervegs i arbeidet. orienteringane vert lagt fram for relevante hovudutval, formannskap og Alver kulturråd.

**039/21: Rullering av planstrategi 2020 - 2023 Alver kommune**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.03.2021:**
**Handsaming:**
Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 010/21 uttale:**
Ingen merknader.

**Eldreråd 08.03.2021:**
**Handsaming:**
Det vart sett fram følgjande framlegg til uttale i møtet:
*Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:*
*Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune.*
*Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.*

Eldrerådet vedtok samrøystes framlegget sett fram i møtet.

**ER- 012/21 uttale:**
Eldrerådet kjem med følgjande uttale:
Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg med følgjande merknad:
Eldrerådet etterlyser synlegheit i planane for dei ulike nærsentra i Alver kommune.
Områdeplan for nærområdet Lindås, som vart overført frå Lindås kommune til nye Alver, er ikkje synleg i den presenterte planen.

**Ungdomsråd 08.03.2021:**
**Handsaming:**
Orietering i saka under felles orienteringsmøte for RMNF, UR og ER

**UR- 013/21 uttale:**
Tatt til orientering

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 09.03.2021:**
**Handsaming:**
Hogne Haugsdal-kommunalsjef orienterte og svarte på spørsmål.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 011/21 uttale:**
Ingen merknader.

**Utval for helse og omsorg 09.03.2021:**
**Handsaming:**
Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande framlegg til uttale frå HO i sak om Planstrategi i Alver kommune:
*Forslag til Planstrategi inneheld eit eige punkt om temaplanar der enkelt temaplanar er tatt med vidare. Dersom punkt 3. Temaplanar i Planstrategien skal vera eit eige punkt, ønskjer HO at plan for RUS-politisk plan vert tatt inn att i punkt 3.*

Framlegget frå utvalsleiaren vart sett opp mot rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.
Utvalsleiaren sitt framlegg fekk 7 røyster og vart vedteke.

**HO- 010/21 uttale:**
Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale i sak om Planstrategi i Alver kommune:
Forslag til Planstrategi inneheld eit eige punkt om temaplanar der enkelt temaplanar er tatt med vidare. Dersom punkt 3. Temaplanar i Planstrategien skal ver eit eige punkt, ønskjer HO at plan for RUS-politisk plan vert tatt inn att i punkt 3.

**Utval for areal, plan og miljø 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Orientering i saka v/Kristin Nåmdal-tenesteleiar Plan og analyse
**Framlegg frå Leif Taule-Sp:**
Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Framlegg frå Ingrid Fjeldsbø-H:**
1. Ny områdeplan Lindås
2. Sambandet vest taes inn
3. Ruspolitisk plan taes inn
4. Landbruksplan taes inn
5. Digitaliseringsplan taes inn
6. Områdeplan Bøvågen

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:

*1. Ny områdeplan Lindås*
Framlegget vart samrøystes vedteke.

*2. Sambandet vest taes inn*
Framlegget vart vedteke med 6 røyster (Heine Fyllingsnes-H, Leif Taule-Sp, Anne Grete Eide-Ap, Kenneth Murberg-H, Ingrid Fjeldsbø-H, Malin Andvik-Krf)

*3.Ruspolitisk plan taes inn*
Framlegget vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Leif Taule-Sp)

*4.Landbruksplan taes inn*
Framlegget vart samrøystes vedteke.

*5. Digitaliseringsplan taes inn*
Framlegget vart samrøystes vedteke.

*6. Områdeplan Bøvågen*
Framlegget vart tatt vekk.

**Framlegg frå Sveinung Toft-V:**

**Sveinung Toft-V trekte seinare punkt A. i framlegget sitt.**
A.Områdeplan for Midtmarka/Flatøy vert teke ut av planstrategidokumentet.
Grunngjeving:
1. Prioritere plankapasitet. Kommunen er i oppstarten med nye, overordna planar som skal samordna planane frå dei tre samanslåtte kommunane. Dette vert eit krevjande arbeid, som bør ha fullt fokus og som plankapasiteten heller bør prioriterast til.
2. Alver kommune bør prioritere planar for å ta heile kommunen i bruk før nye planar sentralt.
3. Logisk og effektiv planrekkjefølgje. Kommunen sine overordna areal- og samfunnsplan må på plass før ein kan jobba vidare ned denne planen. Ny kommuneplan sin arealdel for Alver er ikkje på plass før hausten 2023.
4. Området i og ved Midtmarka er ikkje definert som eit nytt lokalsenter eller regionsenter i intensjonsavtalen for Alver kommune. Ein kystlandsby vil konkurrera med Knarvik og øydeleggja for utviklinga av eit konsentrert og miljøvenleg regionsenter.
5. Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune har med stort fleirtal (12 røyster mot 5 frå Høgre og FrP) i møte den 30.04.2020 fremja motsegn mot planen.
6. Alver kommune må ta vare på verdifulle natur og friluftsområde, og ikkje byggja dei ned.

B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.
Grunngjeving:
Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnytten vil vera svært låg.
C. Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder.
Grunngjeving, det er viktig å ta vare på biologisk mangfald.
D. Kommundelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.
E. Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.
Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.

Framlegget vart røysta over punkt for punkt:
*B. Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.*
*Grunngjeving:*
*Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnytten vil vera svært låg.*

Framlegget fekk 4 røyster og fall (Jon Vidar Sakseide-Krf, Ståle Hopland-Uavh, Leif Taule-Sp, Sveinung Toft-V)

C. *Alver kommune startar opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder.*
*Grunngjeving, det er viktig å ta vare på biologisk mangfald.*

Framlegget fekk 2 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V)

*D. Kommundelplan for klima og miljø må starta opp i 2022.*

Framlegget fekk 3 røyster og fall (Ståle Hopland-Uavh, Sveinung Toft-V, Leif Taule-Sp)

E. *Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.*
*Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

**APM- 045/21 uttale:**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune med slik endring:
1.Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen.
2.Ny områdeplan Lindås
3.Sambandet vest taes inn
4.Ruspolitisk plan taes inn
5.Landbruksplan taes inn
6.Digitaliseringsplan taes inn
7.Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik må startast opp i 2022.
Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.

**Utval for næringutvikling og drift 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgande tilleggsframlegg til uttale:
Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale i sak Rullering av planstrategi Alver kommune 2020-2023:
Utval for næringsutvikling og drift ynskjer at det blir lagt opp til ein eigen landbruksplan og ein eigen plan for digitalisering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke
Utvalsleiaren sitt tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

**ND- 030/21 uttale**
Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale:
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 - 2023 for Alver kommune.
Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande uttale i sak Rullering av planstrategi Alver kommune 2020-2023:
Utval for næringsutvikling og drift ynskjer at det blir lagt opp til ein eigen landbruksplan og ein eigen plan for digitalisering.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
**Framlegg frå L.Johnsen-MDG:**
- Ein kommunedelplan for klima- og miljø må startast opp i 2022.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (L.Johnsen-MDG)

- Det blir starta opp arbeid med ein kommunedelplan om biologisk mangfald og nykartlegging av verdifulle natur- og viltområder.

Framlegget fekk 1 røyst og fall (L.Johnsen-MDG)

**Framlegg frå SP, AP, KRF og H ved T.Larsen-H:**
Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen
Ny områdeplan Lindås vert lagt inn
Ruspolitisk plan tas inn
Landbruksplan tas inn
Digitaliseringsplan tas inn
Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik tas inn, oppstart i 2022

Framlegget vart samrøystes vedteke.
Sambandet Vest tas inn

Framlegget vart vedteke med 9 røyster, mot 4 (M.Klementsen-uavh., L.johnsen-MDG, T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg med  endringar vart samrøystes vedteke.

**FO- 030/21 innstilling**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune med følgjande endringar:

Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen
Ny områdeplan Lindås vert lagt inn
Ruspolitisk plan tas inn
Landbruksplan tas inn
Digitaliseringsplan tas inn
Eigen kommunedelplan for trafikktryggleik tas inn, oppstart i 2022
Sambandet Vest tas inn

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet fekk 1 røyst og fall (Roy Bø-Uavh.)
**Framlegg frå V, SV, MDG og R ved S.Toft-V:**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til revidert planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune slik det ligg føre i vedlagdedokument med følgjande endringar og presiseringar:

- Planarbeidet for Sambandet Vest vert avslutta.
  Grunngjeving: Prosjektet vil kosta milliarder, øydeleggja flott kystlandskap, og samfunnsnytten vil vera svært låg.
- Det vert starta opp arbeid med kommunedelplan for biologisk mangfald og nykartlegging av verdifull natur- og viltområder med oppstart 2022.
  Grunngjeving. Det er viktig å ta vare på biologisk mangfald i Alver kommune.
- Kommundelplan for klima og miljø vert starta opp i 2022.
  Grunngjeving: Alver kommune må prioritera klimaarbeidet og få dette sett i system.
- Kommunedelplan for trafikktryggleik vert starta opp i 2022.
  Grunngjeving: Trafikktryggleik må drøftast i eigen plan og ikkje bakast inn i ein eigen plan for kommunale vegar.
- Områdeplan for Bøvågen vert lagt inn i strategiplanen med oppstart 2022.
- Områdeplan for tettstaden Lindås vert lagt inn i strategiplanen med oppstart 2021.
- Ruspolitisk plan vert teke inn i strategiplanen med oppstart 2021.
- Landbruksplan for Alver kommune vert lagt inn i strategiplanen med oppstart 2022.
- Digitaliseringsplan vert teke inn i strategiplanen med oppstart 2021.

Framlegget fekk 14 røyster og fall (S.Toft-V, H.Dale-Uavh., M.Klementsen-Uavh., E.Nævdal-Uavh., S.Hopland-Uavh., H.Breivik-Uavh., T.Sletten-Hansen-Uavh., M.Færø-Uavh., T.Helland-Uavh., Aa.Karlsen-Uavh., M.Greve-MDG, A.Nordlund-SV, L.Johnsen-MDG og H.Weber-R)

**Forslag frå Sp, Ap, KrF og H ved T.Larsen-H:**
Tar inn i planstrategien:

- Handlingsplan for landbruk
- Ruspolitisk handlingsplan
- Handlingsplan for trafikksikkerheit
- Handlingsplan for klima og miljø
- Digitaliseringsstrategi

Sambandet Vest vert tatt inn. Denne vert ein å kome tilbake til i eigen sak.
Områdeplan for Lindås og områdeplan for Bøvågen vert ein å kome tilbake til etter gjennomført moglegheitsstudie for nærsentra.

Framlegget vart vedteke med 30 røyster (mot H.Dale-Uavh., M.Klementsen-Uavh., E.Nævdal-

Uavh., S.Hopland-Uavh., H.Breivik-Uavh., T.Sletten-Hansen-Uavh., M.Færø-Uavh., T.Helland-Uavh., Aa.Karlsen-Uavh., S.Toft-V, M.Greve-MDG, L.Johnsen-MDG, A.Nordlund-SV og H.Weber-R)

**KO- 039/21 Vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner framlegg til endringar i planstrategi 2020 -2023 for Alver kommune med følgjande endringar:
Tar inn i planstrategien:

- Handlingsplan for landbruk
- Ruspolitisk handlingsplan
- Handlingsplan for trafikksikkerheit
- Handlingsplan for klima og miljø
- Digitaliseringsstrategi

Sambandet Vest vert tatt inn. Denne vert ein å kome tilbake til i eigen sak.

Områdeplan for Lindås og områdeplan for Bøvågen vert ein å kome tilbake til etter gjennomført moglegheitsstudie for nærsentra.

**040/21: Høyring - Demografiutvalet. Det handler om Norge**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune er ikkje rekna som distriktskommune etter definisjonen til distriktsdemografiutvalet. Like fult er det område av Alver kommune som deler kjennemerke og utfordringsbilete med distriktskommunane utvalet har analysert. Alver kommune, med tettstaden Knarvik, har òg status som regionsenter for fleire distriktskommunar.

Utvalet slår fast at spreidd busetjing, særleg blant eldre og pleietrengande innbyggjarar, er og vil bli kostnadskrevjande for distriktskommunar. Tiltaka og analysane til utvalet dreiar seg hovudsakleg om korleis dette kan handterast frå kommunane si side. Men det bør og nemnast at desse strukturane let seg påverke gjennom arealplanlegginga i kommunane.

I forbindelse med kommunesamanslåing blei det i Alver kommune vedteken ein intern senterstruktur, beståande av seks lokalsenter i tillegg til kommune- og regionsenteret Knarvik. Denne senterstrukturen ligge til grunn for arbeidet med kommuneplanens arealdel i den nye kommunen, og målsetjinga er nettopp at busetjing og tenestetilbod skal planleggjast i samanheng.

Som regionsenterkommune vil Alver kommune peike på potensialet regionsentera utgjer med omsyn til å ivareta busetjing utanfor dei store byane i Norge. Regionsentera trekker til seg eksterne tilflyttarar og investeringar, og verkar i tillegg som ein "buffer" mot fråflytting ved at unge som ønsker å bu meir sentralt finn eit slikt tilbod i eigen region. Det er god grunn til å tru at den demografiske situasjonen i distrikta hadde vore endå verre utan regionsentera som trekker til seg tilflyttarar og investeringar utanfrå.

Som utvalet peiker på er det vanskar med å rekruttere arbeidskraft, og særleg høgkvalifisert arbeidskraft, til distrikta. Attraktive regionsenter i distrikta, med mangfaldige arbeidsmarknadar og tenestetilbod, vil gjere rekrutteringa lettare. Dette gjer òg regionsentera godt egna som lokalisering ved plassering av statlege arbeidsplassar.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming**:
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst (S.Knudsen-SP)

**KO- 040/21 Vedtak:**
Alver kommune er ikkje rekna som distriktskommune etter definisjonen til distriktsdemografiutvalet. Like fult er det område av Alver kommune som deler kjennemerke og utfordringsbilete med distriktskommunane utvalet har analysert. Alver kommune, med tettstaden Knarvik, har òg status som regionsenter for fleire distriktskommunar.

Utvalet slår fast at spreidd busetjing, særleg blant eldre og pleietrengande innbyggjarar, er og vil bli kostnadskrevjande for distriktskommunar. Tiltaka og analysane til utvalet dreiar seg hovudsakleg om korleis dette kan handterast frå kommunane si side. Men det bør og nemnast at desse strukturane let seg påverke gjennom arealplanlegginga i kommunane.

I forbindelse med kommunesamanslåing blei det i Alver kommune vedteken ein intern senterstruktur, beståande av seks lokalsenter i tillegg til kommune- og regionsenteret Knarvik. Denne senterstrukturen ligge til grunn for arbeidet med kommuneplanens arealdel i den nye kommunen, og målsetjinga er nettopp at busetjing og tenestetilbod skal planleggjast i samanheng.

Som regionsenterkommune vil Alver kommune peike på potensialet regionsentera utgjer med omsyn til å ivareta busetjing utanfor dei store byane i Norge. Regionsentera trekker til seg eksterne tilflyttarar og investeringar, og verkar i tillegg som ein "buffer" mot fråflytting ved at unge som ønsker å bu meir sentralt finn eit slikt tilbod i eigen region. Det er god grunn til å tru at den demografiske situasjonen i distrikta hadde vore endå verre utan regionsentera som trekker til seg tilflyttarar og investeringar utanfrå.

Som utvalet peiker på er det vanskar med å rekruttere arbeidskraft, og særleg høgkvalifisert arbeidskraft, til distrikta. Attraktive regionsenter i distrikta, med mangfaldige arbeidsmarknadar og tenestetilbod, vil gjere rekrutteringa lettare. Dette gjer òg regionsentera godt egna som lokalisering ved plassering av statlege arbeidsplassar.

**041/21: Høyringsuttale regional plan for innovasjon og næringsutvikling**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret i Alver vedtar høyringsuttale for regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

**Utval for næringutvikling og drift 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**ND- 033/21 innstilling:**
Kommunestyret i Alver vedtar høyringsuttale for regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming**
Innstillinga frå utval for næringsutvikling og drift vart samrøystes vedteke.

**KO- 041/21 Vedtak:**
Kommunestyret i Alver vedtar høyringsuttale for regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

**042/21: Medlemskap Klimapartnar Vestland**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartnar Vestland.

Finansiering av partnarskapsavgift på kr 50.000 blir dekka av næringsfondet i 2021. Kostnader

for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

**Utval for næringutvikling og drift 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:
*I tråd med politisk styringsstruktur er det Utval for næringsutvikling og drift som tildeler midlar frå næringsfondet, og vil derfor vedta følgjande:*
*Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, og vedtar å bruka NOK 50 000,- frå næringsfondet til medlemskap i 2021, under føresetnad av at kommunestyret vedtar å søkja om medlemskap.*

*Vidare ber utvalet formannskapet om å fremja følgjande innstilling til kommunestyret:*
*"Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartnar Vestland.*
*Finansiering av partnarskapsavgift på kr 50.000 blir dekka av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021. Kostnader for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.*
*Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025."*

Det vart røysta alternativt.
Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.
Framlegget frå utvalsleiaren fekk 5 røyster og vart vedteke mot 2 røyster.
Følgjande røysta for: Stian Lavik-KRF, Tormod Skurtveit-AP, Maya Greve-MDG, Øyvind Bratshaug-H, Liv Hopland van der Kooij-SP.
Følgjande røysta mot: Mabel Johansen-H, Ynge Walaker-UAVH.

**ND- 031/21 uttale**
I tråd med politisk styringsstruktur er det Utval for næringsutvikling og drift som tildeler midlar frå næringsfondet, og vil derfor vedta følgjande:
Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, og vedtar å bruka NOK 50 000,- frå næringsfondet til medlemskap i 2021, under føresetnad av at kommunestyret vedtar å søkja om medlemskap.

Vidare ber utvalet formannskapet om å fremja følgjande innstilling til kommunestyret:
"Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartnar Vestland.
Finansiering av partnarskapsavgift på kr 50.000 blir dekka av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021. Kostnader for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.
Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025."

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
**Framlegg frå A.Hetlebakke-KRF:**
I tråd med politisk styringsstruktur er det Utval for næringsutvikling og drift som tildeler midlar frå næringsfondet, og vil derfor vedta følgjande:
Utval for næringsutvikling og drift støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak, og vedtar å bruka NOK 50 000,- frå næringsfondet til medlemskap i 2021, under føresetnad av at kommunestyret vedtar å søkja om medlemskap.

Vidare ber utvalet formannskapet om å fremja følgjande innstilling til kommunestyret:
"Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartnar Vestland.

Finansiering av partnarskapsavgift på kr 50.000 blir dekka av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021.

Rådmannen sitt framlegg med endring frå A.Hetlebakke vart vedteke med 8 røyster, mot 5 (T.Larsen-H, T.Sletten-Hansen-uavh., M.Klementsen-uavh., N.M.Aaadland-H og M.Færø-uavh.)

**FO- 026/21 innstilling:**
Kommunestyret i Alver kommune vedtar å søke om medlemskap i Klimapartnar Vestland.
Finansiering av partnarskapsavgift på kr 50.000 blir dekka av næringsfondet i 2021, i tråd med vedtak i Utval for næringsutvikling og drift 10.03.2021.
Kostnader for 2022 blir arbeidd inn i budsjettet i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

Kostnader knytt til miljøsertifisering av kommunen må vurderast i samband med økonomiplanprosessen 2022 – 2025.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet fekk 16 røyster og fall (S.Lavik-KRF, E.Dale-KRF, A.Byrknes-KRF, T.Risøy-KRF, J.Romarheim-KRF, L.Bjørge-SP, J.Askeland-SP, J.Hellestveit-SP, S.Sekkingstad-SP, M.I.Wergeland-SP, V.Villanger-SP, L.van der Koij-SP, S.Toft-V, A.Nordlund-SV, M.Greve-MDG og L.Johnsen-MDG)

**Framlegg frå H og Ap ved T.Larsen-H:**
Alver kommune søker ikkje medlemskap i Klimapartner Vestland. Kommunestyret vil vurdera å søka medlemskap på nytt når kommuneplanens samfunnsdel er vedtatt.

Framlegget vart vedteke med 30 røyster, mot 16 røyster.

**KO- 042/21 Vedtak:**
Alver kommune søker ikkje medlemskap i Klimapartner Vestland. Kommunestyret vil vurdera å søka medlemskap på nytt når kommuneplanens samfunnsdel er vedtatt.

**043/21: Samarbeidsavtale Invest in Bergen og Etablerersenteret**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune vedtar å inngå ny samarbeidsavtale 2021 - 2024 om medlemskap i Invest in Bergen og Etablerersenteret. Kostnad for medlemskap på kr 204.568 per år ligg inne i den økonomiske driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

**Utval for næringutvikling og drift 10.03.2021:**
**Handsaming:**
Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**ND- 032/21 uttale:**
Alver kommune vedtar å inngå ny samarbeidsavtale 2021 - 2024 om medlemskap i Invest in Bergen og Etablerersenteret. Kostnad for medlemskap på kr 204.568 per år ligg inne i den økonomiske driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 027/21 innstilling:**
Alver kommune vedtar å inngå ny samarbeidsavtale 2021 - 2024 om medlemskap i Invest in Bergen og Etablerersenteret. Kostnad for medlemskap på kr 204.568 per år ligg inne i den økonomiske driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 11 røyster (Aa.Karlsen-Uavh., M.Klementsen-Uavh., M.Færø-Uavh., E.Nævdal-Uavh., S.Hopland-Uavh., H.Dale-Uavh., T.Helland-Uavh., T.Sletten-Hansen-Uavh. H.Breivik-Uavh. , T.Andersen-FNB og A.Nordlund-SV)

**Framlegg frå M.Klementsen-Uavh.:**
Det er mange virkemiddelpartnere å henvende seg til for Næringslivet i Alver. Vii fåreslår at medlemskontingenetene til Invest in Bergen og Etablerersenteret uavkortet går til vårt lokale Nordhordlands Næringslivslag. Nærhetsprinsippet er viktig.

Framlegget fekk 11 røyster og fall.

**KO- 043/21 Vedtak:**
Alver kommune vedtar å inngå ny samarbeidsavtale 2021 - 2024 om medlemskap i Invest in Bergen og Etablerersenteret. Kostnad for medlemskap på kr 204.568 per år ligg inne i den økonomiske driftsramma i økonomiplanen 2021 – 2024.

**044/21: DigiVestland – samarbeid om digitalisering i Vestland**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det er lagt fram i saka.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO- 032/21 innstilling:**
Alver kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det er lagt fram i saka.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

**KO- 044/21 Vedtak:**
Alver kommune delegerer til rådmannen å inngå avtale om regionalt digitaliseringssamarbeid, DigiVestland, slik det er lagt fram i saka.

**045/21: Stillingsstopp**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret i sak 127/20 og avsluttar med dette stillingsstoppen.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å følje opp ledige stillingar som omtala i saksutgreiinga.

**Alver formannskap 11.03.2021:**
**Handsaming:**
**Framlegg frå M.Klementsen-uavh.:**
Stillingsstopp vidareføres til en ser effekten i regnskapet første tertial.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsen-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh. og M.Færø-uavh.)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster.

**FO- 033/21 innstilling:**
1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret i sak 127/20 og avsluttar med dette stillingsstoppen.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å følje opp ledige stillingar som omtala i saksutgreiinga.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 35 røyster.

**Framlegg frå M.Klementsen-uavh.:**
Stillingsstopp blir utsatt til 1 tertial-regnskap blir fremlagt.

Framlegget fekk 9 røyster og fall (M.Klementsen-Uavh., S.Hopland-Uavh., E.Nævdal-Uavh., H.Dale-Uavh., Aa.karlsen-Uavh., M.Færø-Uavh., H.Breivik-Uavh., T.Sletten-Hansen-Uavh. og T.Andersen-FNB)

**KO- 045/21 Vedtak:**
1. Kommunestyret viser til vedtak i kommunestyret i sak 127/20 og avsluttar med dette stillingsstoppen.
2. Kommunestyret ber rådmannen om å følje opp ledige stillingar som omtala i saksutgreiinga.

**046/21: Stortings- og sametingsvalet 2021**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Stortingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13.september 2021.

Vallokala held ope frå kl. 12:00 – 20:00

**Valstyret 18.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VAL- 002/21 innstilling:**
Stortingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13.september 2021.

Vallokala held ope frå kl. 12:00 – 20:00

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming**:
Innstillinga frå valstyret vart samrøystes vedteke

**KO- 046/21 Vedtak:**
Stortingsvalet vert halde på fastsett dag, måndag 13.september 2021.

Vallokala held ope frå kl. 12:00 – 20:00

**047/21: Delegering av mynde i samband med stortings- og sametingsvalet 2021**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Delegering av mynde frå kommunestyret til valstyret vert vedteke som det ligg føre i saka.

**Valstyret 18.03.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**VAL- 003/21 innstilling**
Delegering av mynde frå kommunestyret til valstyret vert vedteke som det ligg føre i saka.

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming**
Innstillinga frå valstyret vart samrøystes vedteke.

**KO- 047/21 Vedtak:**
Delegering av mynde frå kommunestyret til valstyret vert vedteke som det ligg føre i saka.

**048/21: Melding/orientering til kommunestyret 25.03.2021**
**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Meldinga vert teke til orientering

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Behandling:**
Meldinga - oversending av vedtak frå Austrheim kommune vart satt opp som eiga sak.

Kirsti Gjetle Floen stilde spørsmål om habilitet som styreleiar i Aufera, kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Kirsti Floen er habil i denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KO- 048/21 Vedtak:**
Meldinga er teke til orientering

**049/21: Spørsmål/interpellasjon til kommunestyret 25.03.2021**

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
Interpellasjon nr.1 vart ikkje handsama då dette er sak til handsaming i kommunestyret i dag.

**Spørsmål frå N.M.Aadland-H:**
Spørsmål om forsøpling av bustadområde
I kommunestyret 25.06.20 stilte underteikna spørsmål om korleis Alver kommune følgjer opp forsøpling av bustadområde. Dette gjeld spesielt grunneigarar som opplever at nabo har mange gamle bilvrak ståande på si tomt overlang tid, opp til fleire år.

Til dette svara ordførar mellom anna at «avdeling for Miljø og tilsyn har aktiv oppfølging med denne type saker, og i fleire av dei er det no gitt pålegg om opprydning, og det blir gitt tvangsmulkt dersom opprydning ikkje er gjort og meldt tilbake til kommunen innanfor den

fristen som er satt i vedtaket».

Svaret var etter mi meining positivt, men eg er kjent med at det i nokre tilfelle er gitt pålegg om opprydning, utan at dette har ført til at bilvrak er fjerna fleire månader etter fristen som er satt i vedtaket. Spørsmålet mitt blir då; Korleis vil Alver kommune handtere denne type situasjonar?

**Svar frå ordførar:**
I saker som gjeld forsøpling der Alver kommune har gitt vedtak om pålegg om opprydding etter forureiningslova vert det satt ein tidsfrist for når opprydding skal skje. I same vedtak vert det gjort vedtak om at det vil bli gitt gebyr/mulkt dersom opprydding ikkje skjer innanfor den tidsfristen som er satt. Mulkta skal vere eit motiv for å sikra at den som er ansvarleg for oppryddinga utfører det som kommunen har gitt pålegg om. Mulkta kan bli gitt som ein eingongssum og/eller som dagmulkt som går inntil opprydding er utført og dokumentasjon er sendt til kommunen. I fleire av dei sakene som kommunen har aktiv oppfølging på så er det gitt mulkt då fristen for opprydding er ute.

Dersom kommunen ikkje oppnår målet om at den ansvarlege for forureininga/forsøplinga rydda opp til tross for pålegg og mulkt, så kan vidare saksgang vere at kommunen sender ut varsel og vedtak om at kommunen tar gjennomføring av opprydding på den ansvarlege si rekning. Melding til politiet om lovbrot er og eit verkemiddel som kommunen har etter forureiningslova.

Målet kommunen jobbar etter er at den ansvarlege sjølv står for oppryddinga som dei sjølv er ansvarlege for, og administrasjonen har jamleg oppfølging i desse sakene. Det er dialog med partane og synfaringar for å følgje med om det er utvikling i saka.

**Interpllasjon frå N.Øvreås-FRP:**
Har Alver kommune en god rutine for årlig tilstandsrapportering om barnevern?

Bakgrunn:
Det har kommet endringer i barnevernloven som nå innehar et krav om at kommunestyret årlig skal motta en tilstandsrapportering. Dette trådte i kraft 1. januar i år (2021).

En slik tilstandsrapportering kan styrke barnevernet og gjøre at både administrasjonen og politiske organ får mer bevissthet rundt barnevernet.

Det er veldig positivt at kommunene nå får et krav på seg til å levere en årlig tilstandsrapportering. Vi vet at oppfølging av barnevernet kan være vanskelig å prioritere. Men dette må tas alvorlig. Rapportering vil forhåpentligvis sørger for at et bedre barnevern, også i vår kommune.

Det er viktig at rapportene kommunestyret får fremlagt er nyttige. Det bør derfor stilles krav til rapportens krav og innhold, slik at ikke rapportene blir utformet på en måte som unnlater viktig informasjon om hvordan det ligger an med barnevernet i kommunen. Rådmann bør kontakte de kommuner som ansees å være gode på rapportering, slik at våre rapporter blir så gode som mulig. Vi bør ha som ambisjon å være blant de aller flinkeste i landet på barnevern, og god rapportering er et godt verktøy for å oppnå dette.

Det siste året har, på mange måter, vært et annerledes år. Mange har hjemmekontor, andre blir permittert eller mister jobber, og en del elever opplever mye hjemmeskole. I slike tider er det ekstra risiko for utsatte og sårbare barn og unge. Derfor er det spesielt viktig at vi har et velfungerende barnevern.

1. Vil Ordfører legger frem sak, snarest mulig, med utgreing om hvordan den årlige tilstandsrapporteringen kan gjøres best mulig?

2. Vil det legges plan på hvordan rapporteringen kan forbedres årlig ?

Ber om at ordfører gi en særskilt rapportering på hvordan det har vært jobbet med sårbare barn ( herunder også barnevern) hittil i pandemien og veien videre frem mot gjenåpning av samfunnet.

**Svar frå ordførar:**
*Spørsmål 1:*
*Vil Ordførar leggje fram ei sak, snarast mogleg, med utgreiing om korleis den årlege tilstandsrapporteringa om barnevernet skal gjerast best mogleg?*

**Endring i lovverket**
Frå 1.1.21 er det lovbestemt at kommunestyret minst ein gong i året skal få ei orientering om tilstanden i barneverntenesta (bvl. § 2-1, nytt åttande ledd). Framlegget om å lovfeste ei plikt til årleg tilstandsrapportering om barnevernet til kommunestyret var på høyring i 2019, og i all hovudsak var det positive innspel som vart sendt inn.

Eit hovudmål med rapporteringa er å gi kommunestyret betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane. Frå 1.1.21 blir også reglane om kommunen si plikt i høve til internkontroll endra. For barnevernet betyr dette at plikt til internkontroll av oppgåver etter barnevernlova vil bli regulert av kommunelova § 25-1. Endringa i lovverket skal bidra til å styrkje kommunen sitt arbeid med internkontroll med korleis kommunen oppfyllar sine lovpålagte oppgåver etter barnevernslova, ved å samordne og forenkle regelverket om internkontroll.

God internkontroll er kjenneteikna av systematiske tiltak som skal sikre at aktivitetar i barneverntenesta blir planlagt, organisert, utført og halde ved like i samsvar med krav som er fastsatt i eller i medhald av lov. Tilstandsrapporteringa inngår som ein del av internkontrollarbeidet i barnevernet.

**Innhald i tilstandsrapporten**
Den årlege tilstandsrapporten skal følgje ein fastsett struktur, men tilpassast lokale forhold. Det er utarbeidd både mal og rettleiing for utfylling av rapporten, som ligg tilgjengeleg på Bufdir sine sider. Alver kommune vil bruke rettleiaren og mal for rapportering i prosessen med å førebu og utarbeide tilstandsrapporten.
Innhald i rapporten - mal:

- Kort om barnevernet
- Organisering
- Temaområde (demografi, meldingar, undersøkingar, tiltak, fosterhjem, ettervern, kvalitet, bemanning og kompetanse, økonomi)
- Samarbeid med andre sektorar
- Førebyggjande arbeid
- Utfordringsbilete
- Innsatsområde og tiltak

**Utvikling av praksis**
I prosessen vil vi byggje på erfaringane kommunane har med tilstandsrapportering for skule samt sjå til andre kommunar som har starta med tilstandsrapportering om barnevernet til kommunestyret. Erfaringar tilseier at involvering og godt samarbeid undervegs i prosessen bidrar til betre rapportar, og betre konklusjonar.

Tilstandsraport for barneventenesta i Alver skal handsamast i både Utval for oppvekst, kunnskap og kultur samt Kommunestyret. Sidan dette er første året barneverntenesta i Alver kommune skal utarbeide ein slik rapport, har vi ikkje alle detaljar på plass enno. Arbeidet med å førebu tilstandsrapporteringa er starta opp, og målsetjinga er at den skal til politisk handsaming i haust.

*Spørsmål 2:*
*Vil det bli lagt ein plan for korleis rapporteringa kan forbetrast årleg?*
Den årlege tilstandsrapporteringa vil inngå som ein del av internkontrollarbeidet i tenesteområde barnevern. Viktige moment som også må belysast her, er innføring av ny barnevernreform/oppvekstreform om endringar i høve til kommunane sitt ansvar for oppgåver. Tilstandsvurderinga inngår som ein del av tenesta sitt systematiske arbeid og vil kome tydeleg fram i planleggjing av gjennomføring av delprosessar før-under-etter rapporteringa.

Forbetring og utvikling av rapporteringa vil vere eit kontinuerleg arbeid, og her vil vi ta utgangspunkt i våre lokale erfaringar og evalueringar samt hente inn informasjon om tilstandsvurderingar utført i andre kommunar.

Rapporteringa blir også sett i samanheng med andre relevante planar og rapportar i Alver kommune. Av døme kan nemnast Samfunnsdelen i kommuneplanen, kommunedelplan for oppvekst, tilstandsrapport for skule og oversyn over folkehelsa i kommunen. Økonomisk rapportering er også sentralt i dette arbeidet.

*Spørsmål 3:*
*Ber om at Ordførar gir ei særskild rapportering på korleis det har vore jobba med sårbare barn (inkludert barnevern) så langt i pandemien og vegen vidare mot opning av samfunnet.*
Frå tidleg start av pandemien og til i dag har vi hatt stor merksemd rundt sårbare barn og unge, både frå nasjonalt hald og lokalt i Alver kommune. Alle tenestene under Oppvekst har kartlagt dei sårbare barna og vurdert behov for oppfølging.

Barneverntenesta har jobba som normalt i heile perioden. Meldingar til barneverntenesta er undersøkt, heimebesøk er gjennomført og samtalar med barn og unge er gjennomført. Besøk og samtalar har gjerne vore gjennomført i barnehagar, skular eller ved fysisk tur saman. Samarbeids- og nettverkskontakt har vore brukt mykje, og har mellom anna hatt opplæring på teams og webinar. Det er brukt tid på samtalar og rettleiing til samarbeidspartane til barnevernet.

Døme på korleis det har vore jobba i sektoren:

- Barnevern, PPT, Helsestasjon, barnehage og skule – Kartleggje gruppa sårbare barn og etablere tiltak for oppfølgingSkulehelsetenesta - Samtale med barn og unge med familie – Tverrfagleg samarbeid
- PPT – Systemtiltak og individ/gruppetiltak barnehagar og skular – ressursteam
- Psykolog – Rettleiing tilsette
- Psykolog – Oppfølging barn og unge
- Samarbeid med Kultur – Alternative tilbod til fritidsklubbar
- Etablert tverrfagleg nettverk for målgruppa

Barn og unge opplever situasjonen ulikt. Nokre fortel om auka tryggleik grunna færre i gruppe/kohort, medan andre opplever krav til organisering og sosial kontakt som svært begrensande. Barnevernet og skulehelsetenesta opplever ei auke i saker/behov for kontakt. Gjennom arbeidet som er gjort, er det avdekka at fleire barn og unge tar kontakt med tenestene/vaksne og det er aukande behov for samtalar med vaksne. Fleire barn og unge melder om utfordringar knytt til psykisk helse, inaktivitet, skulevegring og i forhold til mat. Kommunen har etablert eit nettverk for tverrfagleg samarbeid rundt målgruppa sårbare barn og unge. I dette nettverket deltek mellom anna representantar frå Oppvekst, Kultur, Psykisk helse og rus, NAV og Politi.

Kommunen har søkt om, og fått tilskot om midlar som kan bidra til å kompensere for manglande tilgang på digitalt utstyr heime. Her har kommunen lånt ut cromebook til elevar i barneskulane, då kommunen har 1:1 dekning i ungdomsskulane.

Viser her til Formannskapet si bestilling til møta i april, ei orientering om tiltak for å motverke

dei psykososiale verknadane av koronapandemien for barn og unge. Administrasjonen vil i den orienteringa også informere om korleis det har vore jobba med å fange opp og følgje opp sårbare barn og unge fram til i dag, samt belyse prioriteringar og behov for tida som kjem.

**Interpellasjon frå H.Breivik-Uavh.:**
Ordføreren i Voss herad sendte i september 2020 et brev til samferdselsdepartementet som belyser negative konsekvenser av bompengepakken på Voss sett i sammenheng med kommunesammenslåingen med Granvin, se vedlagte brev. De ber om at regjeringen sletter gjenstående bompengegjeld på ca. 200 mill. kroner.

NRK forteller at Samferdselsminister Knut Arild Hareide (KrF) mener ordføreren i Voss herad har flere gode poenger. Hareide sier blant annet:

***– Vi er positive til bompengeprosjekt, men ikke den typen prosjekt som splitter en kommune på denne måten.***
***Hareide mener at det er et viktig prinsipp at man skal kunne reise innad i en kommune uten å betale bompenger.***
***– Vi har bomprosjekt som bryter med det, men her har det vært en spesiell situasjon etter sammenslåingen. Da er det er grunner til å se på det.***

Alver er i en tilsvarende situasjon, der innbyggere fra alle de tre kommunene nå må betale bompenger for å kjøre innad i nye Alver kommune, bl.a. til –og fra kommunesenteret i Knarvik. Dette var aldri et tema i debatten da bompengepakken ble vedtatt, spesielt ikke i kommunestyrene til tidligere Meland- og tidligere Radøy kommune. Dette fordi kommunesammenslåingen på dette tidspunktet ikke var lansert. Nå har også vi i Alver gjort som staten har bedt om ved å slå sammen kommunene. Mange av servicetilbudene har med dette blitt flyttet til Knarvik. Nå er det på sin plass at staten også tar ansvar for konsekvensene av dette. Vi må heller ikke glemme at innbyggerne i vår region har bidratt med en betydelig bompengesum for staten sin kyststamvei og europavei over fjorden, -E39 Nordhordlandsbroen, og har med dette betalt bompenger siden 1950-tallet for å avløse den mest trafikkerte fergestrekningen i et av verdens rikeste land.

Uavhengig gruppe/Folkepartiet Alver mener det vil være dumt av Alver å ikke kaste seg på ballen og kreve samme løsning også for Alver.
Vi ønsker å sende et tydelig signal til samferdselsdepartementet på vegne av våre innbyggere. For å få tyngde bak dette, håper vi derfor at et samlet kommunestyre, ved ordfører, sender et tilsvarende brev som klart og tydelig gjengir ovennevnte argumentasjon, med et krav om å slette gjenstående gjeld –og dekke fremtidig bompengeandel som følge av ulempene kommunesammenslåingen har medført.

**Svar frå ordførar:**
Ordførar vil starte med å vise til politisk styringsstruktur og reglement og det som gjeld interpellasjonar. Her står det m.a. at «*Spørsmål av prinsipiell art, der det vert føresett meir omfattande svar og eventuelt debatt, vert å behandla som interpellasjon*». Ordførar kan ikkje sjå at denne interpellasjonen inneheld eit spørsmål, og ber kommunestyret om å setje seg inn i reglementet, slik at vi i framtida kan handsame interpellasjonar som er i tråd med reglementet.

I interpellasjonen frå representanten Breivik blir det vist til eit brev som ordføraren i Voss herad har send til samferdselsdepartementet om Vossapakko og sletting av gjelda etter kommunesamanslåinga. Vossapakko vart innført av Voss kommune i 2009(?) som ei kommunal bompengepakke og bomstasjonane vart sett på kommunegrensa til dei omkringliggjande kommunane. Hovedpoenget i brevet frå ordføraren på Voss er at etter kommunesamanslåinga med tidlegare Granvin herad kjem ein i strid med dei prinsippa som

var førande då den kommunale bompengepakka vart innført i si tid.

Nordhordlandspakken er ei *regional* bompengepakke, *ikkje* kommunal, og det er prosjekt i fire andre Nordhordlandskommunar utanom Alver kommune: Austrheim, Fedje, Masfjorden og Modalen. Når ein tillegg veit at ein planla, før kommunesamanslåinga, med bommar internt i både Lindås og Radøy, så blir det vanskeleg å følgje resonnementet i brevet frå Voss herad. I tillegg er Vossapakko i sluttfasen av innkrevjinga, medan Nordhordlandspakken er heilt i startfasen. Alt dette gjer det vanskeleg fremje slike krav slik situasjonen er no. Fokuset for Nordhordlandspakken nå må vere å få vedtatte reguleringsplanar og realisering av prioriterte prosjekt. Innbyggjarane og næringslivet i Alver kommune fortener betre og trygge vegar.

Ordførar vil heller vise til forslaget som samarbeidspartia fremja, og vedtaket som formannskapet gjorde, rett før jul 2019 om utgreiing av 3 t-regel og ev. endring av plasseringa av bommar. Dette fekk tilslutnad i regionrådet i Nordhordland og har vorte utgreidd av Vestland fylkeskommune. I oppfølgjinga har formannskapet seinare vedtatt at vi vil gå vidare med å sjå på moglegheiter for å innføre ein 3 t-regel i Nordhordlandspakken på ettermiddagstid. Dette er meld som sak til regionrådsmøtet i april og ordførar tenkjer at dette er rett spor for ev. å senke kostnadene for t.d. barnefamiliar som har barn på fritidsaktiviteter om ettermiddagane.

**050/21: Oversending av vedtak frå Austrheim kommune**

**Alver kommunestyre 25.03.2021:**
**Handsaming:**
**Fellesframlegg ved A.Byrknes-KRF:**
Kommunestyret viser til tilbod frå Austrheim kommune for elevane i Åsheim-krinsen som i dag går på Kaland skule.
Kommunestyret ønskjer å takka ja til tilbodet, og ber rådmannen gå i dialog med Austrheim kommune for å formalisera ein avtale som gjer at dei elevane som i dag går på Kaland får avslutta skulegangen sin der.

Framlegget vart samrøystes vedteke

**KO- 050/21 Vedtak:**
Kommunestyret viser til tilbod frå Austrheim kommune for elevane i Åsheim-krinsen som i dag går på Kaland skule.
Kommunestyret ønskjer å takka ja til tilbodet, og ber rådmannen gå i dialog med Austrheim kommune for å formalisera ein avtale som gjer at dei elevane som i dag går på Kaland får avslutta skulegangen sin der.

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 24.03.2021

Saksframlegg

| **Saksnr.** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 017/21 | Eldreråd | 19.04.2021 |
| 019/21 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 19.04.2021 |
| 014/21 | Utval for helse og omsorg | 20.04.2021 |
| 053/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Endring av Del III - Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Alver kommune - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alkoholpolitisk plan 2020 -2024 Del III Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b vert endra til:
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse- og nyttårsaftan er salstida til klokka 16.00.

### Eldreråd 19.04.2021:
### Handsaming:
Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Samrøystes

### ER- 017/21 uttaleVedtak:
Eldrerådet har ingen merknader i saka.

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:
### Handsaming:
Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 8 røyster, mot 1 røyst (Else Marie Dale-Krf)

### RMNF- 019/21 uttale:
Ingen merknader.

### Utval for helse og omsorg 20.04.2021:
### Handsaming:
<u>Else Marie Skartveit Dale (KRF) sette fram følgjande framlegg til vedtak:</u>
*Som rådmannen sitt framlegg med følgjande endring:*
*Setning som lyder som følgjande vert stroke: Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag.*

Framlegg frå Skartveit Dale fekk 1 røyst og fall.
Rådmannen sitt framlegg fekk 6 røyster og vart vedteke mot 1 røyst (Ese Marie Skartveit Dale (KRF).

**HO- 014/21 innstilling:**
Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:
Alkoholpolitisk plan 2020 -2024 Del III Forskrift om sals-, skjenke- og opningstider - Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk bokstav b vert endra til:
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og heilagdagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi Himmelfartsdag. Påske-, pinse- og nyttårsaftan er salstida til klokka 16.00.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Alver kommune har vorte kontakta av daglegvarebutikkar som har salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 om sal og utlevering dagen før Kristi himmelfartsdag. I Forskrift om sals-,skjenke-og opningstider – del III i alkoholpolitisk plan, vedtatt i Kommunestyret 25.06.2020 står følgjane under punkt b :
Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk gruppe 1 på dagar før søn- og
heilagdagar kan skje frå klokka 09.00 til klokka 18.00. Dette gjeld ikkje dagen før Kristi
Himmelfartsdag, påske-, pinse- og nyttårsaftan, då er salstida til klokka 16.00.

I vedtatt forskrift kan det ikkje seljast alkohol etter klokka 16.00 dagen før Kristi Himmelfartsdag, medan det var tillete å selja alkohol fram til kl 20.00 denne dagen i tidlegare Meland, Radøy og Lindås kommune.

**Saksopplysninger:**
Lov av 2.juni 1989 nr.27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. (alkoholloven) §3 -7

«Salg og utlevering av alkoholholdig drikk gruppe 1 kan skje fra kl. 08.00 til kl. 18.00. På dager før søn- og helligdager skal salget opphøre kl. 15.00. Dette gjelder ikke dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Kommunestyret kan generelt for kommunen eller for det enkelte salgssted innskrenke eller utvide tiden for salg i forhold til det som følger av første ledd. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd er likevel forbudt etter kl. 20.00 på hverdager, og etter kl. 18.00 på dager før søn- og helligdager unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Det kan bestemmes at salg ikke skal finne sted til bestemte tider på dagen eller på bestemte ukedager. Salg og utlevering av drikk som nevnt i første ledd skal ikke skje på søn- og helligdager, 1. og 17. mai.»

Denne paragrafen regulerer kva tidspunkt og dager det kan seljast alkoholhaldig drikk gruppe1 på for innahavar av kommunalt salsløyve.

Kommunen fastset sjølv salstidene innafor maksimaltidspunkta.

Då alkoholpolitisk plan m/forskrift var på høyring våren 2020 kom det ingen merknad på dette punktet. Det er ein moglegheit for at komma etter Kristi himmelfartsdag har blitt tolka som eit punktum. Dette då det var slik ordlyden i dei tre tidlegare kommunane sine forskrifter var, og ein har ikkje vore merksam på at salstida denne dagen er blitt innskrenka samanlikna med tidlegare.

Følgjer ein normaltida etter loven – alkoholova §3-7 første ledd, vert dagen før Kristi Himmelfartsdag rekna som alminnelig kvardag og ein kan såleis fastsetjje salstida til kl 20.00.

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 08.04.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 038/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 020/21 | Eldreråd | 19.04.2021 |
| 015/21 | Utval for helse og omsorg | 20.04.2021 |
| 023/21 | Ungdomsråd | 19.04.2021 |
| 017/21 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 19.04.2021 |
| 054/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

**Tiltak for meir kostnadseffektiv drift i helse og omsorg - oppfølging av PwC-rapport**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringstilbodet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

**Eldreråd 19.04.2021:**
**Handsaming:**
Leni Dale-kommunalsjef orienterte i saka.

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg.

**ER- 020/21 uttale:**
Eldrerådet har ingen merknader.

**Ungdomsråd 19.04.2021:**
**Handsaming:**
UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes

**UR- 023/21 uttale:**
UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**
**Handsaming:**
Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.
På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.
Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst mogleg sjølvstende.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### RMNF- 017/21 uttale:
Rådet støttar rådmannen sitt framlegg, og imøteser vidare involvering.
På møtet vårt i juni kjem vi tilbake til representasjon i referansegrupper i prosjektet, og til korleis vi ønskjer at desse gruppene vert trekte inn.
Det er viktig at det heilt frå starten av ligg til grunn at tenestemottakarane skal kunna leva aktive liv, med størst mogleg sjølvstende.

### Utval for helse og omsorg 20.04.2021:
### Handsaming:
Kommunalsjef Leni Dale orienterte og svara på spørsmål.
Utval for helse og omsorg vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### HO- 015/21 uttale:
Utval for helse og omsorg kjem med følgjande innstilling i saka:
Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringstilbodet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

### Alver formannskap 22.04.2021:
### Handsaming:
Saka vert tatt vidare til endeleg avgjerd i kommunestyret.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.
**Tilleggsframlegg frå Ø.Oddekalv-AP:**
Formannskapet ber om ei eiga sak når det som gjeld auka avlastingsplassar på Kvasten er nærmare konkretisert.
Framlegget vart samrøystes vedteke.

### FO- 038/21 innstilling:
Det vert starta opp eit 4-årig administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg som rapporterer undervegs fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet.

Organisering av dag- og aktiviseringstilbodet for brukarar i habiliteringstenesta vert evaluert og samstundes vert det starta opp dialog med vekstbedrifter om mogleg utviding av tilbodet.

Auka tal avlastingsplassar til barn og unge ved Kvasten bustad og avvikle kjøp av plassar hjå private aktørar.

Formannskapet ber om ei eiga sak når det som gjeld auka avlastingsplassar på Kvasten er nærmare konkretisert.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet.
Saka skal til innstilling i utval for helse og omsorg.
Saka skal avgjerast i formannskapet.

**Bakgrunn**

Rekneskapstal innrapportert til Kostra frå 2019 for dei tre kommunane Meland, Radøy og Lindås viser høge netto driftsutgifter til heimetenester. Tenestenivået er vidareført i Alver og kostratal for 2020 viser soleis same

biletet.
Kostragrunnlaget skiljer ikkje mellom ordinære heimetenester, habiliteringstenester og psykisk helse og rus. Det er derfor vanskeleg å finne gode samanlikningsdata med andre kommunar og ein må då bruke andre data i tillegg for å lage gode samanlikningstal innan desse områda.
På denne bakgrunn vart det bestemt å få eit eksternt firma til å gjennomføre kartlegging og gjennomgang av tenestetilbodet i helse og omsorg med spesielt fokus på habiliteringstenester og psykisk helse og rus. Hensikten med arbeidet var å identifisere områder kor vi kan drive meir kostnadseffektivt og framleis yte lovpålagte tenester på ein forsvarleg måte. Kartlegginga vart gjennomført av PricewaterhouseCoopers (PwC ) hausten 2020. Dei leverte sin rapport 11.01.21 som innheld gjennomgang,vurdering og handlingsplan for kort-og langsiktige tiltak for effektivisering og kostnadsreduksjon innan tenesteområda habilitering og psykisk helse og rus
PwC presenterte rapporten for formannskap, utval for helse og omsorg og for leiarar og hovudtillitsvalde 12.01.21.

**Saksopplysningar:**
PwC har identifisert tiltak i rapporten som ikkje tilsvarar storleiken på innsparingane som er vedtatt i økonomiplan 2021-2024 for desse to tenesteområda. Dei fleste av tiltaka vil av omsyn til lov-og avtaleverk krevje tid å få gjennomført og effekten av tiltaka vil først kunne vise seg om fleire år. Ein etablert praksis gjennom mange år for nivå og måten tenestene vert utført på, vil ta tid å endre. Det er mange tiltak som er føreslått som det ikkje er sett ein direkte innsparingssum på, men samla sett vil dette gje ein økonomisk gevinst og vera naudsynt for å kunne gjennomføre andre innsparingstiltak.
Arbeidet med tiltaka krev ein god og kvalitetssikra prosess der medverknaden bli ivaretatt. Av denne grunn vil rådmannen tilrå å prosjektorganisere store delar av dette arbeidet i eit administrativt prosjekt for leiing, kvalitetsforbedring og ressurseffektiv drift i sektor helse og omsorg. Dette prosjektet vil ta opp i seg dei fleste tiltaka i rapporten.
Hovudmål for prosjektet vil vere *Alver kommune skal gjennom leiing og kvalitetsforbetring sikre forsvarlege tenester og effektiv ressursutnytting.*
Prosjektet vil ha eit 4-årig perspektiv der det skal rapporterast fagleg til utval for helse og omsorg og på økonomi til formannskapet undervegs. Det skal utarbeidast årsrapportar for kva ein har oppnådd for kvart år prosjektet pågår. Strategiske avklaringar må gjerast undervegs og i eigne politiske saker der sakene er av prinsippiell karakter. Det er allereie starta forbetrings- og utviklingsarbeid innan fleire områder. Dette arbeidet held fram og skal ikkje endra framdrift som følgje av prosjektet, men rapportere til prosjektet.

Tiltak skildra i rapport som å avvikle Radøy interkommunale butiltak og samlokalisering andre avdelingar vert tatt opp til handsaming i eigne politiske saker. Samlokalisering krev bustader og investering. Det vil vere naturleg at dette vert tatt opp i arbeidet med bustadsosial handlingsplan som venteleg startar opp i 2022.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 10.04.2021 | Rapport kartlegging av Helse og omsorg i Alver kommune | 1539837 |
| 10.04.2021 | Prosjektforslag - Prosjekt leiing kvalitetsforbetring og ressurseffektiv drift i sektor Helse og omsorg | 1539838 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 26.03.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 019/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 20.04.2021 |
| 055/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Handsaming og prioritering av søknadar om spelemidlar/tilskot til lokale kulturbygg i Vestland fylkeskommune 2021

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til kulturbygg i Vestland som følgjer:

(1) Manger ungdomslag: kjøkentilbygg til Solvang Ungdomshus

(2) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.

Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 20.04.2021:

### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### OKK- 019/21 innstilling:

Alver kommune prioriterer innkomne søknader til kulturbygg i Vestland som følgjer:
(1) Manger ungdomslag: kjøkentilbygg til Solvang Ungdomshus
(2) Alver kommune: lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.
Vurderinga er gjort med omsyn til føresetnadane i retningsliner for tilskot til kulturbygg frå Vestland fylkeskommune.

**Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**

Alver kommune må prioritere søknadar til spelemidlar/tilskot til kulturbygg i Vestland
på lik line som ved spelemidlar til ordinære idrettsanlegg og nærmiljøanlegg. Er det fleire søknader frå same kommune, må kommunen sende inn prioritert liste over søknadene, basert på politisk vedtak. **Søknadane skal sendast Vestland fylkeskommune innan torsdag 30. april**.

**Saksopplysninger:**

Grunna datoen for møte i Alver kommunestyre den 06.05.2021, har Alver kommune fått utsett fristen for å ettersende den vedtekne prioriteringslista til 07.05.2021.

Saka var til uttale hjå Alver kulturråd i 2020 som slutta seg til prioriteringslista for søknadar til lokale kulturbygg. Saka har ingen endringar i rekkefølga av prioriteringane, anna enn at søknadane har rykka ein plass opp frå i fjor. Saka for 2021 har blitt sendt til Alver kulturråd, dei har ikkje kome med ny eller endra uttale.

Kommunen set eigen lokal søknadsfrist. I Alver kommune var den sett til 15. mars 2021. Eknesvågens venner har lagt inn ein søknad i anleggsregisteret den 8. april. Søknaden kom inn etter fristen og oppfyller ikkje dei vedtekne søknadskriteria for ordninga. Søknaden vert difor sett til «ikke i oden» i anleggsregisteret og ikkje sendt vidare til Vestland fylkeskommune.

Det ligg føre to gyldige søknader i Alver for 2021:

**(1) Manger ungdomslag søkjer om tilskot på kr. 428.000 til kjøkentilbygg til Solvang Ungdomshus**
Ungdomshuset Solvang vart bygd i 1919, og fungerer som ein kulturell møtestad i bygda. Manger Ungdomslag (MUL) er eigar og driftar av bygget, som vert drifta på dugnad. I 2014 vart bygget totalrenovert, unnateke kjøkenet då dette var for omfattande og kostbart til å ta i same operasjon. Styret har åra etter drifta huset med overskot kvart år og spart pengar til å kunna ta fatt på kjøkenet.

Solvang er eit lekkert forsamlingslokale og ein flott samlingsplass som vert brukt av heile bygda. Huset vert også brukt til aktivitetar i regi av MUL som samlar deltakarar i alle aldrar, mellom anna «Frisko» (diskotek for barn/unge 5.-7. klasse, kor ungdommar i 9. og 10. klasse har ansvar for billettsal, kiosksal, dansemusikk og konkurransar/aktivitetar), dataparty for ungdomar 7.-10. klasse ein gong i året, grendafester og basarar.

LHL Radøy avviklar sine seniordansetreff i Solvang. Kvar veke samlast 30-40 seniorar for danseøving og sosialt samvær.

Solvang vert leigd ut til innbyggar i kommunen som vil arrangere bryllaup, barnedåp, åremålsdagar, konfirmasjonar, minnestund, barneselskap, 7. klassetreff, avslutning for konfirmantar, kurs, møter etc. Solvang vert leigd ut mellom 35-45 gonger i året til avvikling av ulike forsamlingar.

Kjøkkenet i Solvang er gammalt og utdatert. Størrelsen på kjøkkenet gjer det nesten umogleg å lage mat til mange frå grunnen av. Dei fleste nyttar difor catring, noko som er vanskeleg å få til på ein god måte pga. manglande areal og benkeplass på kjøkkenet. Førespurnader om å få arrangera bryllaup i huset har auka dei siste åra, men kjøkenfasilitetane avgrensar dessverre bruken av huset:

• Val av kva meny ein kan velja vert avgrensa når maten ikkje kan lagast på kjøkkenet i Solvang.
• Tal på kjøkkenpersonell og servitørar må være færrast mogleg då det ikkje er plass nok til å jobbe om ein vert for mange.
• Manglande til luft og ventilasjon av kjøkkenet gjer det varmt og ubehageleg.
• Krav til ulike soner som skitten og rein, samt egen handvask som krevst ved tillaging av mat er ikkje tilfredsstillande.

For å sikre aktivitet og bruk i eit gammalt bygdehus er det viktig at huset er tilrettelagt for aktivitetane ein ynskjer å ha i huset. Styret ser, og får tilbakemeldingar på at det tronge kjøkkenet er ein hemsko ved enkelte aktivitetar i huset. Arealet som vert frigitt ved å flytta kjøkkenet i eit nytt tilbygg er også sårt trengte kvadrat til lagring av bord og stolar.
MUL søkjer den fylkeskommunale ordninga om kr. 428.000. Dei skal leggje inn eigenkapital på kr. 702.000 og eigeninnsats (dugnad) til utrekna verdi kr 156.468. Totalkostnad for prosjektet er kr. 1.285.843.

Ungdomshuset Solvang har vore bygdas forsamlingslokale til alle anledningar i 100 år og styret ynskjer at Solvang skal vera eit forsamlingslokale som heile bygda kan ha glede av også i mange år framover. Tilskot/spelemidlar frå Vestland fylkeskommune vil gjera dette mogleg.
Eit kjøkentilbygg vil styrka Ungdomshuset Solvang som kultur- og samlingshus. MUL vil òg stå betre rusta for framtida, som den viktige sosiale og kulturelle aktøren laget er i Alver kommune.

<u>Søknaden får prioritet 1 på ordninga for spelemidlar til kulturbygg i Vestland, med søknadssum 428.000 kr.</u>

**(2) Alver kommune søkjer om tilskot på kr. 6.786.000 til lokalt kulturbygg som del av nye Alversund framtidige barneskule.**
Første spatak for Alversund framtidige barneskule vart tatt av dåverande Lindås kommune hasuten 2019. Kulturdelen inngår i eit samla bygg med barneskule, fleirbrukshall, basishall, ungdomsklubb og avdeling for musikk/kulturskule-bruk. Alver kommune er eigar og vil stå for drift av bygningen når denne står ferdig hausten 2021.

Alversund er ein av dei største bygdene i Alver kommune, med nær 4000 innbyggjarar. Det er stor utbygging i området, og folketalet vil auka i åra framover. Bygda har eit aktivt kulturliv med grendalag, ungdomslag, kor, korps og aktivt kristenliv. I tillegg vil kommunen sjølv bli brukar gjennom desentralisert tilbod i kulturskulen.

Fleirbrukshallen vert utrusta med fast scene. Det vert bygd eige musikkrom med eit lite sceneplatå for øving og mindre arrangement, samt tre separate øvingsrom. Det vert bygd lager for korps og møterom/kontor for frivillige lag. Det vert bygd kioskkjøkken samt eit større kantinekjøkken til bruk ved større arrangement. Hallen får auditorium til utleige for frivilligheita. Den sentrale delen av bygget er tilrettelagt som amfi, her vert det lysrigg og lydanlegg for gruppeframføring. Hallen elles får speakeranlegg, og hovudhall er bygd utan vindu og med dimming på lysanlegg.

Alver kommune søkjer den fylkeskommunale ordninga om kr. 6.786.000. Totalkostnad for tilrettelegging av Alversund framtidige barneskule som lokalt kulturbygg er berekna til kr. 20.360.875.

Alversund er ei aktiv og folkerik bygd i Alver kommune, med eit stadig aukande folketal. Eit lokalt kulturbygg som del av Alversund framtidige barneskule vil styrka bygda og kunna gje gode og naudsynte tilbod til innbyggjarane. Bygda og skulen vil òg stå betre rusta for framtida, og bli ein viktig sosial og kulturell del av Alver kommune.

Søknaden får prioritet 2 på ordninga for spelemidlar til kulturbygg i Vestland, med søknadssum 6.786.000 kr.

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 10.04.2021

Saksframlegg

| **Saksnr.** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 022/21 | Eldreråd | 19.04.2021 |
| 023/21 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 19.04.2021 |
| 020/21 | Ungdomsråd | 19.04.2021 |
| 026/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 20.04.2021 |
| 056/21 | Alver kommunestyre | |

## Høyringsuttale - planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner høyringsinnspelet, slik det ligg føre i saka.

Høyringsinnspelet vert oversendt i form av eit eige dokument, med saksframlegget som vedlegg.

### Eldreråd 19.04.2021:
### Handsaming:
Kultursjef Eirik Bouwer Utne orienterte i saka.

Mabel Johansen har utarbeidd eit notat om "Sosial bærekraft med fokus på barn og eldre", som ho la fram for eldrerådet.

Eldrerådet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak, med Mabel Johansen sitt notat knytt til eitt av fire sentrale plantema: Deltaking, medborgarskap og mangfald.

**Mabel Johansen sitt notat "Sosial bærekraft med fokus på barn og eldre",**

*Utfordringene etter Covid-19.*
*De fysiske møteplassene er borte.*
*Folk har sluttet å gjøre ting sammen.*
*Bruk av digitale verktøy er regelen både til hverdag og fest, i veldig stor grad.*
*Vi vet ikke hvilken effekt dette har på barn som vokser opp i vår tid. Deres erfaring i 2020/21 har vært fravær av møte mellom generasjoner og derfor er det behov for å se på hva som finnes av ressurspersoner i lokalmiljøet, til å formidle hvordan det var før corona: formidle lokale uteaktiviteter, uteleker, plasser mm. En må erkjenne at det har vært lite samhandling før corona-pandemien, og særlig nå i denne perioden.*

*Utgangspunkt:*
*Utfordringsnotat til Planstrategi for Alver kommune (s.53):*
*Sitat:*
*Det er hovedsaklig tre trender som påvirker den sosiale bærekrafta i Alver kommune de nærmeste årene og gir utfordringer mhp inkludering og integrering:*

- *Antall eldre vil øke kraftig*
- *Ungdomskullene blir større, allerede i dag er de store*
- *Innvandrere, el. barn av innvandrere, utgjør en større andel av befolkningen*

*(sitat slutt)*
*Dette er en potensiell ressurs for vårt lokalsamfunn!*
*Men:*
*24% av elevene svarer at de er veldig mye plaga av ensomhet, økende med lavere familieinntekt. Blant familier med dårlig råd er svaret 50%.*
*Det er svært påkrevet å ta denne utviklingen på alvor!*
*Antall eldre vokser. Den generelle helsetilstanden blant eldre er betydelig bedret de siste årene. Det betyr at eldre i dag har bedre forutsetninger for deltaking og aktivisering enn tidl. generasjoner. Deres ledige tid er en potensiell ressurs for barn og unge og lokalsamfunnet vårt.*
*Menneskenes grunnleggende behov endrer seg lite!*
*Hva som vil være nødvendig i framtiden for å lykkes i arbeidslivet (og familielivet)*
*Hvilken kompetanse må styrkes: Det menneskelige – følelser, opplevelser og erfaringer – hvordan er det å leve og arbeide som mennesker?*
*Hvordan håndtere det uventede – når omstendighetene er uforutsigbare? Hvilke kompetanser og styrker er viktig for å møte det uventede på en god måte? Verden er i økende grad kompleks og effektivitet er ikke nødvendigvis lenger den viktigste rettesnoren.*
*F.eks. en pandemi: du kan planlegge for at det skal skje, men ikke når tid.*

*Hva trenger vi da?*
*Styrke kontakten/båndene mellom mennesker – bygge sterke og gode relasjoner – styrke og videreutvikle en kultur for at folk hjelper hverandre.*
*Dette er også særdeles viktige ferdigheter å utvikle for det framtidige arbeidsliv, som våre barn og unge skal tre inn i, utforme og bidra positivt inn i.*
*Utvikle og styrke en hjelpsomhetskultur – derfor er det særlig viktig at kvinner kommer på banen! (dette har jo tradisjonelt vært regnet som en styrke hos kvinner).*
*En viktig kompetanse for framtiden er å kunne håndtere det uventede! Nesten alt vil fungere i framtiden også, men det uventede vil også skje, så hvordan forberede seg på det vi ikke vet vil komme?*
*Dette lærer du ikke på skolen! Dette lærer du i livets skole – derfor er det nødvendig med økt samhandling barn, unge og eldre.*
*Når samfunnet åpner opp igjen bør vi se på mulighetene for mer samhandling og hvordan eldre og barn kan knyttes bedre sammen.*
*Dette vil også være helt i tråd med intensjonene i strategien Leve heile livet.*

**ER- 022/21 uttale:**
Uttale frå eldrerådet:
Eldrerådet sluttar seg til rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale, med tillegg til notat lagt fram i møtet - knytt til plantema Deltaking, medborgarskap og mangfald.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:**
**Handsaming:**
Ingen merknader, samrøystes.

**RMNF- 023/21 Vedtak:**
Ingen merknader.

**Ungdomsråd 19.04.2021:**
**Handsaming:**
Tatt til orientering, samrøystes.

**UR- 020/21 uttale:**
Tatt til orientering.

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 20.04.2021:**
**Handsaming:**
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 026/21 innstilling:**

Alver kommunestyre godkjenner høyringsinnspelet, slik det ligg føre i saka.
Høyringsinnspelet vert oversendt i form av eit eige dokument, med saksframlegget som vedlegg.

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Vestland fylkeskommune vedtok den 3. mars å sende framlegg til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv på høyring.

Planprogrammet er forankra i den regionale planstrategien *Utviklingsplan for Vestland*, og planarbeidet skal gå over to år. Planen skal vere ein revisjon av dagens to gjeldande regionale kulturplanar og gjelde frå 2023 til 2035.

Det har hittil i prosessen vore høyringsmøte for det administrative leddet i kommunane den 16. mars, der Alver deltok. Vidare har råda i kommunen deltatt på arbeidsmøte med Vlfk den 9. april.

**Saksopplysninger:**
Planprogrammet legg fram prosessen, overordna tidsplan, framlegg til organisering og medverknad – i tillegg til fire sentrale plantema. Fylkeskommunen ønskjer særleg innspel til framlegget til val av plantema og viktige problemstillingar innan desse, samt medverknadsdelen av planarbeidet.

Høyringsfrista er 20. april 2021 og det er bedt om å få levere høyringsinnspel etter frist, med bakgrunn i fastsette datoar for politiske møte i Alver. Kommunen venter tilbakemelding på førespurnaden, men legg til grunn i sakshandsaminga at utsett frist vert gitt.

Føremålet med planen er å peike ut ei retning for sektoren i Vestland, og for det breie kulturfeltet. Det vert vidare understreka at planen ikkje er for fylkeskommunen aleine, men for heile regionen, og føreset breitt samarbeid.

Planarbeidet skal omfatte det utvida kulturomgrepet – kulturarv, kulturformidling, idrett, friluftsliv, profesjonell kunst og kultur, kulturinstitusjonar og frivilligheit, med inkludering og integrering som eit gjennomgåande perspektiv. Den ferdige planen skal gjelde for åra 2023 til 2035.

Den førebelse visjonen for planarbeidet er at *…vi skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv i heile fylket til glede og nytte for alle innbyggjarane…* Vidare legg ein til grunn at *…kulturfeltet skal bidra til utvikling av Vestland gjennom kulturen sin skapande og samfunnsbyggande kraft*. Planarbeidet skal stå i høve fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag, der *den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut kursen for den regionale politikken*.

Planarbeidet skal følgje opp Vestland sitt mål om Vestland som leiande kulturregion, og inkludere eit breitt sett aktørar i ein open og medverkande prosess. Planprogrammet peiker vidare på at regional planlegging og samordning er viktig med bakgrunn i at kulturfeltet i mindre grad er lovregulert, og at det er utfordringar knytt til samordning mellom forvaltingsnivåa.

Planarbeidet skal trekke opp breie utfordringar, identifisere satsingar der regionen kan spele ei avgjerande rolle både internasjonalt, nasjonalt og lokalt, og vise tverrsektorielle utfordringar og behov for temaplanar og strategiar.

Namn på planen skal definerast i planprosessen.

Planen skal stå i høve Vestland sitt plansystem, FNs berekraftsmål, nasjonale forventingar til regional og

kommunal planlegging og nasjonale mål for kultur, idrett og frivilligheit.

Tidsplanen for planprosessen er handsaming av planprogrammet juni 2021, med ferdig plan og handlingsprogram oktober 2022.

Medverknad skal gå føre ved innspelsmøte, tema- og arbeidsmøte, konferansar, undersøkingar og kunnskapsgrunnlag, samt formelle høyringsrundar.

Planprosessen skal utarbeidde og innhente ei rekke kunnskapsgrunnlag, ta omsyn til demografiske og geografiske variasjonar

Framlegg til sentrale plantema er (1) Vestland som leiande kulturregion, (2) eit berekraftig kulturliv, (3) deltaking, medborgarskap og mangfald og (4) kulturell verdiskaping.

**Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**

Vestland fylkeskommune vedtok den 3. mars å sende framlegg til planprogram for regional plan for kultur, idrett og friluftsliv på høyring.

Planprogrammet er forankra i den regionale planstrategien *Utviklingsplan for Vestland*, og planarbeidet skal gå over to år. Planen skal vere ein revisjon av dagens to gjeldande regionale kulturplanar og gjelde frå 2023 til 2035.

Det har hittil i prosessen vore høyringsmøte for det administrative leddet i kommunane den 16. mars, der Alver deltok. Vidare har råda i kommunen deltatt på arbeidsmøte med Vlfk den 9. april.

**Saksopplysninger:**

Planprogrammet legg fram prosessen, overordna tidsplan, framlegg til organisering og medverknad – i tillegg til fire sentrale plantema. Fylkeskommunen ønskjer særleg innspel til framlegget til val av plantema og viktige problemstillingar innan desse, samt medverknadsdelen av planarbeidet.

Høyringsfrista er 20. april 2021 og det er bedt om å få levere høyringsinnspel etter frist, med bakgrunn i fastsette datoar for politiske møte i Alver. Kommunen har fått tilbakemelding om at fristen er sett i vedtaket om å legge planprogrammet på høyring, men at ein vil legge til rette for ei fleksibel handtering, og opnar for at kommunen kan ettersende dokument når desse er klare. Fylkets forslag er å sende førebels framlegg til uttale før 20. april, (primært OKK si innstilling etter møte same dag, sekundært adm. sitt framlegg om ikkje dette lar seg gjere), og ettersende kommunestyrets vedtak.

Føremålet med planen er å peike ut ei retning for sektoren i Vestland, og for det breie kulturfeltet. Det vert vidare understreka at planen ikkje er for fylkeskommunen aleine, men for heile regionen, og føreset breitt samarbeid.

Planarbeidet skal omfatte det utvida kulturomgrepet – kulturarv, kulturformidling, idrett, friluftsliv, profesjonell kunst og kultur, kulturinstitusjonar og frivilligheit, med inkludering og integrering som eit gjennomgåande perspektiv. Den ferdige planen skal gjelde for åra 2023 til 2035.

Den førebelse visjonen for planarbeidet er at *…vi skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv i heile fylket til glede og nytte for alle innbyggjarane…* Vidare legg ein til grunn at *…kulturfeltet skal bidra til utvikling av Vestland gjennom kulturen sin skapande og samfunnsbyggande kraft.*

Planarbeidet skal stå i høve fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag, der *den langsiktige visjonen «Nyskapande og berekraftig» stakar ut kursen for den regionale politikken*.

Planarbeidet skal følgje opp Vestland sitt mål om Vestland som leiande kulturregion, og inkludere eit breitt sett aktørar i ein open og medverkande prosess. Planprogrammet peiker vidare på at regional planlegging og samordning er viktig med bakgrunn i at kulturfeltet i mindre grad er lovregulert, og at det er utfordringar knytt til samordning mellom forvaltingsnivåa.

Planarbeidet skal trekke opp breie utfordringar, identifisere satsingar der regionen kan spele ei avgjerande rolle både internasjonalt, nasjonalt og lokalt, og vise tverrsektorielle utfordringar og behov for temaplanar og strategiar.

Namn på planen skal definerast i planprosessen.

Planen skal stå i høve Vestland sitt plansystem, FNs berekraftsmål, nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging og nasjonale mål for kultur, idrett og frivilligheit.

Tidsplanen for planprosessen er handsaming av planprogrammet juni 2021, med ferdig plan og handlingsprogram oktober 2022.

Medverknad skal gå føre ved innspelsmøte, tema- og arbeidsmøte, konferansar, undersøkingar og kunnskapsgrunnlag, samt formelle høyringsrundar.

Planprosessen skal utarbeide og innhente ei rekke kunnskapsgrunnlag, og ta omsyn til demografiske og geografiske variasjonar

Framlegg til sentrale plantema er (1) Vestland som leiande kulturregion, (2) eit berekraftig kulturliv, (3) deltaking, medborgarskap og mangfald og (4) kulturell verdiskaping.

**Vurdering**
Det leggast opp til at høyringsinnspelet vert sendt som eige dokument, som kan ta inn moment frå sakshandsaminga i råd, utval og kommunestyre på oversiktleg vis.

Høyringsinnspelet er basert på vurderingar knytt til Alver kommune sine pågåande planprosessar generelt, og kommande prosess med KDP idrett, kultur og friluftsliv spesielt. Vidare er det gjort vurderingar knytt til Alver kommune sin geografiske og demografiske posisjon i Vestland, og med blikk til erfaringar knytt til Covid-19-pandemien.

Høyringsinnspelet tek omsyn til Strategi- og styringsdokument for Alver, Anleggsstrategi for Alver 2020-2024, kulturundersøkinga frå 2019 og idrettsindeksen for Alver frå same år (med data t.o.m. 2018), samt dei lovpålagde oppgåvene for kommunen.

**Framlegg til høyringsinnspel**

Alver kommune vil understreke at både den nye fylkeskommunen og ei rekke nye kommunar er i gong med planarbeid innan kultur- og idrettsfeltet i same periode. Alver kommune ønskjer at fylkeskommunen legg til rette for møteplassar for kommunane i desse samtidige planarbeida, og vidare har fokus på å nytte dette sjeldne høvet til å få gode samanhengar mellom regionalt og lokalt plannivå, og kunne vere ein medspelar for kommunane når det gjeld utveksling av erfaringskompetanse og problemstillingar mellom kommunane i dei lokale prosessane.

Alver kommune skal sjølv i gong med ein felles plan for kultur, idrett og friluftsliv, med eit breitt kulturomgrep, og ser fram til å kunne samhandle med regionalt nivå i planprosessar med tilsvarande heilskapleg innhald.

Alver kommune stiller seg bak dei føreslegne fire plantemaa, og ser desse som relevante og nyttige overskrifter for den kommande planprosessen.

Medverknadsprosessen er tydeleg lagt fram, og legg til rette for brei deltaking. Alver kommune vil peike på viktigheita av at lokale råd, som eldreråd, råd for menneskje med

nedsett funksjonsevne og ungdomsråd, har gode høve til å spele inn og påverke prosessane direkte frå dei lokale ledda. Vidare vil Alver kommune peike på at lokale kultur- og idrettsråd er sentrale innspelspartar på sidan av den lokale sakshandsaminga, og at det bør sikrast gode arenaar for desse og tilsvarande råd, t.d. innvandrarråd.

Alver kommune vil peike på særeigenheitene for omegnskommunane i Bergensregionen, og vil fremja at dette perspektivet kan verte sett på i ein større heilskap i kommande planprosess. Felles utfordringar som omegnskommunane møter, samarbeidsflatar dei mellom, og saman med Bergen, vil vere viktige perspektiv dersom regionen skal utvikle seg vidare som leiande innan kulturfeltet, med berekraft, medborgarskap og kulturell verdiskaping i fokus.

Alver kommune vil peike på viktigheita av breie samarbeid om eventuell utvikling av regionanlegg og kulturarenaar, og at dette vert kasta lys på i kommande planprosess.

Alver kommune vil vidare oppmode til at planprosessen spesielt fokuserer på digitale arenaar for barn og unge, fysisk aktivitet, regional og lokal anleggs- og arenautvikling, frivillig deltaking, kunst og profesjonell kultur, ungdomskultur, tilrettelegging, inkludering og integrering, møteplassutvikling og seniorkultur, og går etter felles målsettingar og initiativskapande strategiar i tilknyting til desse felta. Vidare er kulturarvfeltet, og praktiske samfunnsmessige perspektiv knytt til svinn av kulturminne sentralt.

Alver kommune vil peike på at kultur- og idrettsindeksane for Vestland, som vist til i planprogrammet, synleggjer behov for auka fokus på fysisk aktivitet, Den kulturelle skulesekken, kulturskule, bibliotek og museum. Dei lovpålagde kommunale kulturoppgåvene bør få ein tydeleg plass i kommande planprosess. Idrettsindeksen for Alver (2018) viser ein svært høg nedgang for organisert deltaking for ungdom, og fellesskap knytt til målsettingar og strategiar om dette vil vere viktig.

Alver kommune vil til sist ønskje lukke til med dette viktige planarbeidet for alle innbyggjarane i regionen vår.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 10.04.2021 | Høyring regional plan for Kultur, idrett og friluftsliv | 1540845 |

Arkiv: <arkivID>32T
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 12.04.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 018/21 | Eldreråd | 19.04.2021 |
| 022/21 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 19.04.2021 |
| 021/21 | Ungdomsråd | 19.04.2021 |
| 018/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 20.04.2021 |
| 057/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Oppretting av prisar til kultur, idrett og frivilligheit i Alver kommune - NY BEHANDLING

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune innførar alternativ 4 - kulturpris og frivilligpris, slik det går fram av rådmann sitt framlegg.

Prisane skal delast ut første gong i 2021.

### Eldreråd 19.04.2021:
### Handsaming:
Eileen Feste-spesialkonsulent for kulturutvikling, idrett og frivilligheit orienterte i saka.

I tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak (alt. 4 - kulturpris og frivilligpris) vart det i eldrerådet også sett fram alt. 1 i saksutgreiinga til avrøysting (tre prisar - kulturpris, idrettspris, frivilligpris).
Seks medlemmar røysta for alternativ 1 - sett fram i møtet (Jostein Dale, Randi Eknes, Sigurd Knudsen, Einar Lygre, Reidun Taule, Kirsti Gjetle Floen).
Rådmannen sitt framlegg (alt. 4) fekk 3 røyster (Olav Steinsland, Torhild Skage Syslak, Mabel Johansen) og fall.

Eldrerådet støttar dermed alternativ 1 - med tre prisar (kulturpris, idrettspris og frivilligpris.

### ER- 018/21 uttale:
Uttale frå eldrerådet:
Eldrerådet støttar alternativ 1 for oppretting av prisar i Alver kommune.

### Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.04.2021:
### Handsaming:
Ingen merknader, samrøystes.

### RMNF- 022/21 uttale:
Ingen merknader.

### Ungdomsråd 19.04.2021:
### Handsaming:
UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
UR ber kontaktperson for UR om å sjå på moglegheit for oppretting av eigen "Ungdomspris - frå ungdomsrådet".
Samrøystes

## UR- 021/21 Vedtak:
UR støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.
UR ber kontaktperson for UR om å sjå på moglegheit for oppretting av eigen "Ungdomspris - frå ungdomsrådet".

## Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 20.04.2021:
## Handsaming:
**Framlegg frå Jostein Borlaug-Ap**
Alver kommune innførar alternativ 1 - kulturpris, idrettspris og frivilligpris. Prisane skal delast ut første gong i 2021.
Framlegget fekk 3 røyster og fall (Jostein Borlaug-Ap, Sølvi Vatnøy-Krf, Anna Nordlund-SV)

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**Tilleggsframlegg frå Laila Bjørge- Sp:**
Tillegg til vedtak om kulturpris. Det vert utdelt kulturpris for både 2020 og 2021

Framlegget vart samrøystes vedteke.

## OKK- 018/21 innstilling:
Alver kommune innførar alternativ 4 - kulturpris og frivilligpris, slik det går fram av rådmann sitt framlegg. Prisane skal delast ut første gong i 2021.

Tillegg til vedtak om kulturpris. Det vert utdelt kulturpris for både 2020 og 2021

**Politisk handsaming**
Saka skal til uttale i ungdomsrådet, eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
Saka er sendt til uttale også til idrettsrådet og kulturrådet.

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Saka var til behandling i OKK 10.11.20, men vart utsett. Saka vart sendt på ny høyring til frivillige lag/organisasjonar i Alver kommune 22. februar med høyringsfrist 19. mars 2021. Saka vart også lagt ut på Alver kommune si heimeside og gjort kjend i sosiale media.

Alver kommune skal ta stilling til om det skal innførast priser innan kultur- idrett og frivilligheitsområdet.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur hadde saka til behandling 10.11.20. Saka vart utsett.

**OKK- 064/20 innstilling:**
Utval for Oppvekst, kunnskap og kultur utset saka, og ber administrasjonen om tilleggsutgreiing på om ein av prisane bør vera uttrykk for Alversamfunnet si høgaste utmerking. Dersom det er kulturprisen som skal vera den høgaste utmerkinga, så må innhaldet i kultur- og frivilligprisen også vurderast.

**Saksopplysninger:**
Dei tre kommunane Radøy, Meland og Lindås, hadde ulik ordning med pristildeling.

| Kommune | Kulturpris | Idrettspris | Frivillegpris | Merknad |
|---|---|---|---|---|
| Meland kommune | Kvart 4. år | | | Årleg tildeling av «kulturrosa» |
| Radøy kommune | Årleg tildeling | Delt ut annakvart år | Årleg tildeling | |
| Lindås kommune | Årleg tildeling | Lindås idrettsråd delte ut pris årleg | Frivilligsentralen delte ut pris årleg | |

**Mål for utdeling av priser**
Alver kommune har eit aktivt organisasjonsliv med stort mangfald. Mange ulike lag innan kultur, idrett og frivilligheit gjer ein stor innsats. Felles for desse er at dei legg ned ein betydeleg grad av frivillig innsats for å bidra til å gjere Alver samfunnet til eit godt sted å vere.
Alver kommune ønskjer å innføre ein prisordning som ei anerkjenning for aktiv innsats innan kultur-, idrett -og frivilligheit.

**Det kan synes som om dei mest nytta prisane i kommunal kultur- og idrettssektor, er følgjande;**

**Kulturpris:** Ein kulturpris skal vere ein inspirasjon for einskildpersonar, lag og organisasjonar innan kulturfeltet.

**Idrettspris:** Som kulturprisen skal ein idrettspris vere ein inspirasjon, for utøvarar, trenarar og eldsjeler.

**Frivilligpris:** Ein frivilligpris skal vere ein inspirasjon for ein person eller ei gruppe som har gjort ein særskild frivillig innsats over fleire år, uavhengig av om det er innanfor kultur, idrett, helse- eller humanitært arbeid.

Kommunane praktiserer prisordninga på ulik vis. Nokre kommunar har fleire prisar, mens andre har berre ein pris.

**Nokre døme frå kommunar i Vestland**

| Kommune | Pris | Merknad |
|---|---|---|
| **Stord kommune** | **4 prisar**<br>1.Målpris<br>2.Eldsjelpris<br>3.Seniorpris<br>4.Pris for god tilgjenge | 3. Seniorprisen - Prisen vert gjeven som ei påskjøning i høve det eldre bidreg til i samfunnet<br>4.Pris for god tilgjenge er ein pris som omhandlar tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne. |
| **Øygarden kommune** | **4 prisar**<br>1.Folkehelsepris<br>2.Frivilligpris<br>3.Kulturpris<br>4.Tilgjengepris | 4.Pris for god tilgjenge er ein pris som omhandlar tilrettelegging for menneske med nedsett funksjonsevne. |
| **Voss kommune** | **2 prisar**<br>1.Highland staupet – (ski)<br>2.Kulturpris | Highland staupet: Pokalen er gjeven av Hr. Andrew Highland for utdeling til den idrettsmann eller kvinne som ved avslutta sesong har synt best prestasjonar på ski. |
| **Askøy kommune** | **4 priser**<br>1.Kipekjerringa (kulturpris)<br>2.Askøybragden idrett<br>3.Askøybragden kultur<br>4.Frivilligpris | **Askøybragden**<br><u>Idrett:</u> Utmerkinga vert delt til den idrettsutøvar som har utført årets beste prestasjon, uansett idrettsgrein.<br><br><u>Kultur:</u> Utmerkinga vert delt ut til den utøvar som har utført årets beste kultur prestasjon, uansett sjanger. |
| **Sunnfjord kommune** | **1 pris**<br>1.Kulturpris | Kulturpris til kulturaktørar og – personar, innanfor det utvida kulturomgrep. |

**Må ein vere busett i Alver?**
Det er viktig å drøfte om det berre er aktørar busett i Alver kommune som kan vere aktuelle for pris, eller om aktørar busett utanfor Alver kommune, men med sitt virke i kommunen, kan vere aktuelle.

Aktørar innan kultur, idrett og frivilligheit busett i Alver kommune eller som har sitt virke i Alver kommune, kan også vere aktuelle kandidatar til pris. Ein må også ta stilling til om personar, lag eller institusjonar utanfor kommunen, som har bidratt til å gjere Alver kommune kjend utover landet på den kulturelle plan, vil kunne bli vurdert til pris.

Rådmannen har vurdert fire løysingar:

**Alt 1: Tre prisar - kulturpris, idrettspris og frivilligheitspris**

<u>**Forslag:**</u> Ein kulturpris
Ein idrettspris
Ein frivilligpris

Innføring av tre prisar innan kultur, idrett -og frivilligheit vil vere eit tydeleg signal om at innsats innan alle tre område er like viktige. Dette alternativ vil stå fram som ei løysing der dei tre prisane er sidestilte.

Dei tre nemnde prisane vil vere ein påskjønning for innsats og vere ein inspirasjon for andre innan dei tre områda.

I situasjonar der einskild person, lag eller institusjon utmerka seg med særleg resultatoppnåing, vil denne løysinga ikkje gje rom for ekstraordinær anerkjenning.

**Alt 2: Overgripande kulturpris**

<u>**Forslag:**</u> Overgripande kulturpris som famnar aktørar innan kultur, idrett og frivilligheit
Idrettspris
Frivilligpris

Om kulturpris står fram som Alver samfunnets høgaste utmerking, vil alle innan kultur, idrett og frivilligheit vere aktuelle for prisen. Kulturprisen vil tydeleg representere den største anerkjenning Alver kommune kan gi for innsats innan kultur, idrett og frivilligheit. Kulturpris vil vere open for forslag frå alle lag/organisasjonar som jobbar innan den utvida kulturomgrepet.

Frivilligpris og idrettspris skal påskjønne innsats/målopnåing innan frivilligheit og idrett. Kulturpris skal påskjønne innsats/måloppnåing innan kulturfeltet, men kan også nyttas til å påskjønne ekstraordinær innsats/måloppnåing innan idrett og frivilligheit. Kulturprisen vil då fungera som Alver kommune si høgaste utmering innan det utvida kulturbegrep.

I praksis vil denne løysinga kunne medføre at aktørar innan idrett eller frivilligheit kan bli tildelt både kulturpris og idrettspris/frivilligpris same år. Aktørar innan kulturområdet kan oppleve dette som ein slags nedvurdering av deira innsats, at dei ikkje har ein eige pris slik som idrettspris og frivilligpris.

**Alt 3: Ein felles pris for det utvida kulturbegrep**

<u>**Forslag:**</u> Felles kulturpris som famnar det utvida kulturomgrep

I dette alternativet ser ein på kulturpris som famnar det utvida kulturomgrepet – kultur, idrett og frivilligheit.

> «*Et utvidet kulturbegrep omfatter både det 'tradisjonelle' området: litteratur, kunst og kulturvern, ungdomsarbeid og idrett, men dertil også skapende fritidsvirksomheter som kan gi utfoldelse av egne anlegg og interesser*.
>
> Sitat: «Ny kulturpolitikk. Tilleggsmelding til Stmeld nr 8. Stortingsmelding nr. 52»

Ein felles pris for området kultur, idrett og frivilligheit vil tydeleggjere betydninga av prisen. Ulempa med dette er at det kan vere vanskeleg for små lag/organisasjonar å nå fram i konkurranse med store, kjende aktørar. Dette er ein problemstilling som jury for prisen vil kunne ta omsyn til.

**Alt 4 Kulturpris og frivilligpris**

**Forslag:** Kulturpris som famnar kultur og idrett
Frivilligpris

Ein kulturpris skal gå til einskildpersonar, institusjonar eller organisasjonar som har utmerka seg ved framifrå innsats innan det utvida kulturomgrep. Prisen skal vere Alver kommune sin høgst hengjande pris for innsats over lang tid.

I tillegg til kulturpris, tilrår rådmann ein frivilligpris. Frivilligpris handlar om å inspirere innbyggjarane til auka frivillig innsats samt sette fokus på frivillig aktivitet sin betydning for kommunens innbyggjarar.

Frivilligheit finn vi innan m.a. kultur, idrett og humanitært arbeid.

Ein eige pris for frivilligheit vil understreke betydninga av frivilligheitas eigenverd.

Det er ingen automatikk i at talet på priser førar til meir aktivitet eller entusiasme. Saka handlar om å velje den beste løysinga som kan påskjønne innsatsen innan kultur-, idrett- og frivilligheit.

**Innkomne høyringsuttale**
Det er kome 7 høyringsuttale.

**Alversund mållag**
I høyringsfråsegn datert 24.02.21 skriv Alversund mållag;
*«Tre jamstilte prisar er eit gode, då det ikkje vektar innsats på eitt felt opp mot eit anna. Alver kommune vil gjennom sjølve markeringa og gjennom grunngjevingane stadfesta den statusen prisane skal få.»*

**Alversund kammerkor**
I høyringsfråsegn datert 08.03.21 skriv Alversund kammerkor;
*«Alversund kammerkor støttar alternativ 1 frå rådmannen: Alt 1: Tre prisar -kulturpris, idrettspris og frivilligheitspris»*

**Alver kulturråd**
I høyringsfråsegn datert 25.09.20 skriv Alver kulturråd;

*«Styret i Alver kulturråd er nøgd med at dei som mottar kommunal utmerking ikkje berre kjem frå det som er kulturrelatert og idrettsrelatert aktivitet. Det er viktig at kandidatar frå alle samfunns sektorar kan bli heidra, som til dømes innan religiøst arbeid, helserelatert arbeid, humanitært arbeid og seniorarbeid. [...]Styret i Alver kulturråd meiner at rangering av prisane er ein vanskeleg veg å gå. Då vil ein vekte frivillig aktivitet mot ein annan frivillig aktivitet. Styret er difor nøgd med at prisane har likelydande statuttar, premie og jury.»*

*Alver kulturråd held fast ved denne vurderinga. Tre likeverdige prisar utan skilje i status vil gje det beste høvet til å påskjøna den samla frivillige innsatsen i Alver kommune.*

**Alver idrettsråd**
I høyringsuttale datert 19.03.21 skriv Alver idrettsråd

«Framlegg til uttale: Alver idrettsråd vil rå til at det vert oppretta 4 prisar i Alver kommune:

1. Kulturprisen, 2. Frivilligprisen, 3. Kulturstipend, 4. Idrettsstipend

**Grunngjeving:**

1. **Kulturprisen**

Kulturprisen skal vera Alver kommune si høgaste utmerking og ei anerkjenning for framifrå innsats innan kultur, idrett eller frivilligheit over lang tid.
Kulturprisen skal vera sett saman av ein diplom og eit kunstverk, fortrinnsvis av ein lokal kunstnar.

2. **Frivilligprisen**

Frivilligprisen skal vera ein pris for særleg frivillig innsats innan kultur, idrett, humanitært arbeid eller helse over fleire år. Prisen omfattar såleis frivillig innsats både innan og utanfor «det utvida kulturfeltet»
Frivilligprisen skal vera sett saman av ein diplom og eit pengebeløp.

3. **Kulturstipend**

Kulturstipendet skal vera ei påskjøning til utøvarar/ledere som i året har synt gode talent/resultat innan kultur, uansett sjanger.
Kulturstipendet skal vera sett saman av ein diplom og eit pengebeløp avgrensa til kr. 30.000,-Det kan delast ut inntil 3 stipend årleg

4. **Idrettsstipend**

Idrettsstipend skal vera ei påskjøning for utøvarar/trener/leder/dommer som i året har synt gode talent/resultat innan idrett, uansett idrettsgrein .
Idrettsstipendet skal vera sett saman av ein diplom og eit pengebeløp avgrensa til kr. 30.000,-. Det delast ut inntil 3 stipend årleg.»

**Nordhordland turlag**
I høyringsuttale datert 19.03.21 skriv Nordhordland turlag;

*«Turlaget foreslår at kommunen har ein kulturpris, dvs. ein pris som i saksutgreiinga omtalast som overgripande kulturpris som famnar alle organisasjonar. Denne vil henge høgt og truleg verte tildelt for «lang og tru teneste». Det skal vere ei stor anerkjenning å få ein slik pris.*
Ein kulturpris i vid forstand bør opprettast. Den vil truleg vert ein «heiderspris» for langvarig innsats. Ein Frivilligpris kan gjerne verte tildelt lag eller personar som har bidrege på viktige område i eit mykje kortare tidsperspektiv.»

**Meland helselag**
I høyringsuttale datert 17.03.21 skriv Meland helselag;

«Styret i Meland Helselag vil prinsipielt tilrå at det vert oppretta 3 årlege prisar: «Det bør vera tre prisar i ein kommune med 30.000 innbyggjarar: ein kulturpris, ein idrettspris og ein friviljugpris»

**Nordhordland Rotary**
I høyringsuttale motteke 12.03.21 skriv Nordhordland Rotary;

«Nordhordland Rotaryklubb har ikkje ei samla meining om kva modell som kan vera den kommunen bør gå for, men klubben har sidan 1991 hatt sin eigen pris – Kvardagshelten – som vi vonar kan vera nyttig for kommunen å ha kjennskap til i den pågåande prosessen.»

**Kommentar**
Det er knytt lange tradisjonar til kulturlivet i Alver gjennom mange generasjonar, både det tradisjonelle kulturliv og det som omfattast av det utvida kulturomgrep. Mange frivillige legg ned eit stort arbeid kring i alle bygdene, gjennom idrett-, kultur-,kyrkje- og humanitært arbeid. Til saman bidreg dei alle til at Alver kommune er eit godt sted å leve.

Alle som har sendt høyringsuttale skriv at dei sett pris på at Alver kommune ønskjer å anerkjenne dette arbeidet gjennom tildeling av prisar.

**Dei som støttar rådmann sitt forslag nr 1**
Det kan synes som om fleirtalet av dei innsendte høyringsuttale ønskjer at det vert innført tre prisar; kulturpris, idrettspris og frivillegpris – Alversund mållag. Alversund kammerkor, Alver kulturråd og Meland helselag.

Alver kulturråd, som representerer 46 lag/organisasjonar, skriv at *Styret i Alver kulturråd meiner at rangering av prisane er ein vanskeleg veg å gå. Då vil ein vekte frivillig aktivitet mot ein annan frivillig aktivitet. Styret er difor nøgd med at prisane har likelydande statuttar, premie og jury.*

**Dei lag/organisasjonar som støttar forslag 4 – kulturpris og frivilligpris**
Det synes som at Alver idrettsråd støttar rådmann sitt forslag nr 4. Idrettsrådet representerer meir enn 40 lag, og tek til orde for at *«kulturprisen skal vera Alver kommune si høgaste utmerking og ei anerkjenning for framifrå innsats innan kultur, idrett eller frivilligheit over lang tid. Frivilligprisen skal vera ein pris for særleg frivillig innsats innan kultur, idrett, humanitært arbeid eller helse over fleire år. Prisen omfattar såleis frivillig innsats både innan og utanfor «det utvida kulturfeltet».* Idrettsrådet tek også til orde for kultur- og idrettsstipend. Denne ordninga blei innført i 2020.

Nordhordland turlag skriv i si høyringsuttale at ein kulturpris som famnar alle lag/organisasjonar, vil vere eit høgt hengjande pris for «lang og tru teneste». I tillegg til kulturpris, ønskjer laget ein frivilligpris til lag/organisasjonar som har bidrege på viktige område i eit mykje kortare tidsperspektiv.

**Konklusjon**
Etter gjennomgang av høyringsdokument, tilrår rådmann alternativ 4 – Kulturpris og frivilligpris.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 16.04.2021 | Statuttar for kulturpris og frivillegpris i Alver kommune | 1545128 |
| 09.04.2021 | Alversund kammerkor | 1540250 |
| 09.04.2021 | Alversund mållag | 1540251 |
| 09.04.2021 | Meland helselag | 1540254 |
| 09.04.2021 | Nordhordland Rotaryklubb vedlegg 1 Kvardagshelter | 1540255 |
| 09.04.2021 | Nordhordland Rotaryklubb | 1540257 |
| 09.04.2021 | Nordhordland turlag | 1540258 |
| 09.04.2021 | Alver idrettsråd | 1540247 |
| 12.04.2021 | Alver kulturråd | 1540248 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 08.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 058/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |
| 025/21 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 20.04.2021 |

## Samarbeid- og profileringsavtale KnarvikMila og Alver kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom KnarvikMila og Alver kommune, samt profileringsavtalen, slik desse ligg ved saka.

### Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 20.04.2021:

### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### OKK- 025/21 innstilling:

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom KnarvikMila og Alver kommune, samt profileringsavtalen, slik desse ligg ved saka.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.
Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Bakgrunn**
KnarvikMila er eit årleg kultur- og idrettsarrangement. Dei har tidlegare år hatt ein samarbeidsavtale med Lindås kommune fram til kommunesamanslåinga. Det er no jobba fram ein ny samarbeidsavtale i fellesskap med KnarvikMila som skal vere med å gi overordna føringar for samarbeidet mellom KnarvikMila og Alver kommune. Avtalen er drøfta med styret v/styreleiar og dagleg leiar i KnarvikMila gjennom fleire møter i 2020 og 2021. Ein har i desse møta gått grundig gjennom avtaleinnhaldet og kva som bør inngå i samarbeidet i tida som kjem og avtalepartane er no samde om innhaldet.

Profileringsavtalen har vore ein sponsorstøtte der Lindås kommune har betalt for annonseringstenester i samband med arrangementet. Dette vere seg i form av logo på plakatar, skilt, banner osb. samt synleggjering på nettstader, sosiale medier, og aviser som KnarvikMila gir ut.

**Saksopplysningar**
KnarvikMila er eit arrangement som gjennom idrettsleg, og kulturell aktivitet er eit positivt bidrag til folkehelsa i Alver kommune. Arrangementa deira samlar fleire tusen deltakarar i ulik alder som deltek på ulike arrangement i regi av KnarvikMila. Det er også stor frivillig aktivitet i forbindelse med gjennomføringa av desse arrangementa. Gjennom samarbeidsavtalen som er vedlagt vil kommunen fortsetje å støtte opp under dette arbeidet, og vere med å bidra til vidare gjennomføring og utvikling av KnarvikMila sine arrangement og konsept.

Profileringsavtalen er ein måte Alver kommune kan synleggjere sitt samarbeid med KnarvikMila gjennom

profilering i ulike medier, og med moglegheit for aktiv deltaking i ein del av arrangementa.

Profileringsavtalen er tatt høgde for i eksisterande ramme, og KnarvikMila har søkt om tilskot gjennom tilskotsordninga til kommunen ref. samarbeidsavtalen.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 09.04.2021 | Profileringsavtale mellom KnarvikMila og Alver kommune | 1540131 |
| 09.04.2021 | Samarbeidsavtale mellom KnarvikMila og Alver kommune | 1540132 |
| 10.04.2021 | Stadfesting einigheit kring avtaleinnhald - KnarvikMila og Alver Kommune | 1540849 |
| 12.04.2021 | Alver idrettsråd uttale | 1541291 |
| 14.04.2021 | Alver Kulturråd uttale | 1542166 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 06.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 042/21 | Utval for næringutvikling og drift | 21.04.2021 |
| 040/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 059/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
«Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune blir vedtatt slik det ligg føre i vedlegg 2.»

### Utval for næringutvikling og drift 21.04.2021:
### Handsaming:
Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

### ND- 042/21 uttale:
Innstilling frå Utval for næringsutvikling og drift:
Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune blir vedtatt slik det ligg føre i vedlegg 2.

### Alver formannskap 22.04.2021:
### Handsaming:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 040/21 innstilling:
«Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune blir vedtatt slik det ligg føre i vedlegg 2.»

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift og formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

**Bakgrunn**
Ein utbyggingsavtale er ein avtale mellom kommunen og utbyggjar/grunneigar om utbygging av eit område og gjennomføring av kommunal arealplan, jfr. plan- og bygningslova (pbl.) § 17-1.

For å kunne inngå utbyggingsavtalar må det ligge føre vedtatt arealplan, jfr. pbl. § 17-1. Døme på kommunale arealplanar er kommuneplanen sin arealdel, områdeplanar eller reguleringsplanar/detaljplanar.

For utbyggjarar er utbyggingsavtalar eit verkemiddel for å få byggjeløyve og for å få nødvendig infrastruktur til prosjektet sitt. For kommunen er utbyggingsavtalar eit verkemiddel for å få ønska utvikling i eit planområde, og for å få finansiert og bygd offentleg infrastruktur.

Det er vilkår om at kommunar har eit «føreseielegheitsvedtak» før den kan inngå utbyggingsavtalar. Vedtaket skal stadfeste «*i hvilke tilfeller utbyggingsavtale er en forutsetning for utbygging,* jfr. pbl. § 17-2 og saksutgreiinga under. Vidare skal vedtaket syne «*kommunens forventninger til avtalen*».

Lindås kommune gjorde eit føreseielegheitsvedtak for første gong i 2009, jfr. sak 52/09. Vedtaket vart oppdatert og justert i sak 55/16, som er gjeldande pr. dags dato.

Meland kommune hadde sitt føreseielegheitsvedtak i føresegnene til kommuneplanen, jf. KPA Meland § 1.3.1.

Radøy hadde ikkje slikt vedtak.

Ved samanslåinga av desse tre kommunane, ser nye Alver kommune behov for eit oppdatert og nytt føreseielegheitsvedtak som er likt og gjeld for heile kommunen. Det skal vere tydeleg og gje meir rettleiing til utbyggarar og kommunen sjølv.

Føreseielegheitsvedtaket bør vere gjenstand for jamleg revisjon, ved behov eller med nokre års mellomrom. Dette sikrar at kommunen til ein kvar tid har eit føreseielegheitsvedtak som bidreg til den beste bruken av utbyggingsavtalar, og til den beste gjennomføringa av arealplanar. Dette gjev god føreseielegheit for både kommunen og utbyggarar, og det gjev kommunen større gjennomføringskraft i å få til ønska utvikling.

**Saksopplysninger:**
«Sjå vedlegg 1»

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 14.04.2021 | Vedlegg 2 - Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune | 1541499 |
| 14.04.2021 | Vedlegg 1 - Utgreiingsnotat - Føreseielegheitsvedtak for bruk av utbyggingsavtalar i Alver kommune | 1542231 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 06.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 041/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 060/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Retningsliner for tilknyting til offentleg VA-anlegg i Alver kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret vedtek følgjande retningsliner for plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2 om tilknyting til offentleg vass- og avløpsnett:

1. Dersom kostnaden med tilkopling til både kommunalt vatn og avlaupsanlegg er større enn 2,5 G kan kommunen vurdere å godkjenne ei anna ordning.

2. Dersom kostnaden med tilkopling til berre kommunalt vatn eller berre kommunalt avløpsanlegg er større enn 2 G kan kommunen vurdere å godkjenne ei anna ordning.

3. Dersom det nyleg er gjort store investeringar i eksisterande private anlegg og desse anlegga fungerer tilfredsstillande, kan krav om tilknyting til offentleg anlegg utsettast med inntil 10 år.

4. Summane i punkt 1 og 2 er rettleiande og gjeld for bustader.»

### Alver formannskap 22.04.2021:

### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med 10 røyster (mot M.Klementsen-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

**Framlegg frå M.Klementsen-uavh.:**
Det vert eit tilbod for allereie busette innbyggjarar i Alver kommune å kopla seg på offentlig VA, men ikkje eit pålegg. Kostnadar for eksisterande bebuarar vert for stor når ein også tek med sanering av eksisterande privat VA.
Framlegget fekk 3 røyster og fall (M.Klementsen-uavh., T.Sletten-Hansen-uavh.og M.Færø-uavh.)

### FO- 041/21 Vedtak:

«Kommunestyret vedtek følgjande retningsliner for plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2 om tilknyting til offentleg vass- og avløpsnett:
1. Dersom kostnaden med tilkopling til både kommunalt vatn og avlaupsanlegg er større enn 2,5 G kan kommunen vurdere å godkjenne ei anna ordning.
2. Dersom kostnaden med tilkopling til berre kommunalt vatn eller berre kommunalt avløpsanlegg er større enn 2 G kan kommunen vurdere å godkjenne ei anna ordning.
3. Dersom det nyleg er gjort store investeringar i eksisterande private anlegg og desse anlegga fungerer tilfredsstillande, kan krav om tilknyting til offentleg anlegg utsettast med inntil 10 år.
4. Summane i punkt 1 og 2 er rettleiande og gjeld for bustader.»

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**

Innleiing

Dei kommunale vatn- og avlaupsanlegga (VA-anlegga) våre er ein svært viktig del av infrastrukturen i Alver kommune. Reint drikkevatn er eit grunnleggjande behov og eit premiss for god folkehelse og utvikling av samfunnet. Reinsing av avlaupsvatn hindrar ureining og sikrar trygge drikkevasskjelder. Vassdirektivet krev at alle vassførekomstane i kommunen har minimum god tilstand. For å oppfylle dette kravet må avlaupsvatn bli handtert på ein tilfredsstillande måte.

Dei kommunale vatn- og avlaupsanlegga i Alver kommune er omfattande. Dei består av 500 km med vassleidninger, 173 km med avlaupsleidninger, 4 hovudvassverk og 9 avlaupsreinseanlegg med sil. I tillegg kjem pumpestasjoner, kummar og anna infrastruktur som er avgjerande for anlegga fungerar som dei skal. Ca. 84 % av innbyggjarane i kommunen er knytt til kommunalt vatn medan ca 58 % er knytt til kommunalt avlaup.

Tilknytingsplikt

Med heimel i plan- og bygningslova kan Alver kommune krevje at bustader og næringsverksemd som ligg nær våre kommunale vatn- og avlaupsanlegg vert kopla til anlegget. Dette er kjent som tilknytingsplikt. Tilknytingsplikta skal sikre trygt drikkevatn og hindre ureining. Samtidig er omsynet til rasjonell utbygging og drift av det offentlege vass- og avløpssystemet sentralt.

Heimel

Plan- og bygningslova gir lovheimel for å krevje tilknyting:

> ***§ 27-1. Vannforsyning***
>
> *Bygning må ikke føres opp eller tas i bruk til opphold for mennesker eller dyr med mindre det er forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann. Det samme gjelder opprettelse eller endring av eiendom for slik bebyggelse. Rettighet til å føre vannledning over annens grunn, alternativt til å knytte seg til felles ledningsnett, skal være sikret ved tinglyst dokument eller på annen måte som kommunen godtar som tilfredsstillende.*
>
> *Når offentlig vannledning går over eiendommen eller i veg som støter til den, eller over nærliggende areal, skal bygning som ligger på eiendommen knyttes til vannledningen. Vil dette etter kommunens skjønn være forbundet med uforholdsmessig stor kostnad, eller særlige hensyn tilsier det, kan kommunen godkjenne en annen ordning.*
>
> *Kommunen kan i andre tilfeller enn nevnt i andre ledd, kreve at bygningen skal knyttes til offentlig vannledning når særlige hensyn tilsier det.*

*Reglene i andre og tredje ledd gjelder også for eksisterende byggverk.*

§ 27-2 gir tilsvarande heimel for avlaup.

Sjølv om plan- og bygningslova gir kommunen heimel til å krevje tilknyting, har departementet oppfordra kommunane om å også fatte eit eige vedtak som utdjupar i kva tilfelle kommunen skal gi unntak frå tilknytingsplikta, spesifikt kor høge kostnader kommunen meiner vil vere akseptable. Formålet med å vedta eit slikt kostnadstak er at innbyggjarane får betre forutberegneligheit i om dei vil bli tvungne til å kople seg til det kommunale VA-anlegget. Eit kostnadstak vil også vere med å sikre likebehandling.

Praksis i tidlegare Lindås, Meland og Radøy

I dei gamle kommunane har kravet til tilknyting vore handtert ulikt. Meland kommune har hatt eigne retningsliner for tilknyting. Prinsippet har vore at alle bustader innanfor 200 m frå kommunal leidning skal knytast til det offentlege anlegget. Dei siste åra har Meland fatta fleire vedtak om tvungen tilknyting til kommunalt vatn- og avlaupsanlegg. I Lindås og Radøy har det ikkje vore slike retningsliner og tvungen tilknyting har heller ikkje vore praktisert.

**Saksopplysninger:**

«I plan- og bygningslova §§27-1 og 27-2, 2. ledd er hovudregelen at dersom eigedomen ligg nær det

kommunale anlegget, skal eigedomen koplast til. Men det kan gjevast unntak dersom tilknytinga fører til «uforholdsmessig kostnad».

Nærliggande areal
Vurderinga av kva som er nærliggande areal varierar. Departementet har uttalt at ein avstand på 300-600 meter ikkje er urimeleg (saksnr. 93/3328). Samtidig er det ikkje avstanden som vil vere avgjerande for om det skal fattast pålegg om tilknyting, men sjølve kostnaden ved tilknytinga. Terreng- og grunnforhold vil kunne variere mykje, og kan f.eks føre til at kostnaden ved tilknyting vil bli høgare for bustader som ligg 50 m frå tilknytingspunktet enn for bustader som ligg 100 m frå tilknytingspunktet. Derfor vurderar Rådmannen at det som utgangspunkt ikkje vil vere hensiktsmessig og sette eit prinsippielt avstandskrav, slik det vart gjort i Meland kommune, men istaden sette eit kostnadstak. Dette er også oppfordringa frå Departementet. Samtidig bør ikkje taket vere absolutt ettersom det i spesielle tilfelle, f.eks ved ureining eller helsemessige forhold, kan vere aktuelt og overstige taket for å sikre ei tilfredsstillande vatn- og/eller avlaupsløysing. I tillegg vil det også vere hensiktmessig og differensiere mellom bustadhus, fleirmannsbustader, blokk og næring.

Uforholdsmessig kostnad
Det følgjer av juridisk teoriat kostnadene med tilknyting til offentleg anlegg vil vere summen av alle utgiftene som er nødvendige for å få lagt leidning fram til bustad. Dette vil hovudsakleg inkludere utgifter til graving/sprenging av leidningstrasè og kostnad med røyr. Kommunale avgifter; både tilknytingsavgift og årleg avgift skal ikkje reknast inn. Det same gjeld utgifter eigaren evt. har for å få sanert eksisterande privat anlegg.

Vurdering av kva som vil vere ein uforhaldsmessig kostnad har vore prøvd hos Statsforvalteren (tidl. Fylkesmannen) for fleire kommunar. Statsforvalteren har akseptert kostnader rundt 250 000 kr for tilknyting til både vatn- og avlaup for ein bustad. I saker som berre gjeld vatn eller avlaup har kostnadene som har vore akseptert vore lågare.

Fleire andre kommunar har også vedteke retningsliner for kva som skal vere uforhaldsmessige kostnader. Øygarden kommune aksepterer kostnader på 250 000 kr for både vatn og avlaup, Arendal og Vindafjord har satt taket på 2 G (ca. 200 000 kr) for vatn og avlaup. Asker kommune har satt grensa på 250 000 kr.

Økonomi
Utbygging og drift av kommunale VA-anlegg vert finansiert ved bruk av sjølvkost dvs. at det er abonnentane som betalar for anlegga. Desto fleire abonnentar, jo lågare kostnad per abonnent ettersom det er fleire å fordele kostnadene på.

Alver kommune skal gjere store investeringar i dei kommunale anlegga i åra framover. Dette er nødvendig for å sikre trygt drikkevatn og trygge miljøet samtidig som kommunen må ta høgde for klimaendringar som set større krav til dimensjon og kvalitet på anlegga. Alver kommune er ikkje åleine om å gjere store investeringar. I heile Noreg vil det vere eit stort behov for fornying av vatn- og avlaupsanlegg, og det er berekna at heile Kommune-Noreg må investere for over 300 milliarder dei neste 20 åra. Og når det vert investert mykje er det viktig at flest mogleg får nytte av investeringane som vert gjort.

Alternativet til å bli tilkopla kommunalt anlegg er eigne private anlegg. Sjølv om tilkopling til kommunalt anlegg er ein større kostnad for privatpersonar, vil private løysingar også innebere kostnadar. Levetida til private anlegg er også kortare enn dei offentlege anlegga, noko som gjev behov for større nyinvesteringar med jamne mellomrom. Installasjon av eit nytt minirenseanlegg kan ofte koste rundt 150 000 kr med årlege driftskostnader på fleire tusen kr. Private anlegg kan også vere mindre sikre; brønner kan gå tome i tørkeperiodar og private avlaupsanlegg aukar faren for ureining etter kvart som dei vert eldre. Kombinasjonen av gamle private avlaupsanlegg i område der mange har privat brønn vil gje auka risiko for ureining av drikkevatn. Tilknyting til offentleg anlegg vil også føre til ei verdiauke for eigedomen.

Særlege omsyn
I tilfelle der eigarar har gjort vesentlege investeringar i eit privat vatn- og/eller avlaupsanlegg vil det vere hensiktsmessig å frita eigedomen for tilknytingsplikta i ein periode forutsatt at den private løysinga er tilfredsstillande. Samtidig finst det motsatte tilfelle der særlege omsyn til f.eks ureining av miljøet kan forsvare tilknyting til offentleg anlegg sjølv om kostnaden overstig kostnadsgrensa i denne saka, jf. pbl §§ 27-1 og 2, 3. ledd.

I heilt spesielle tilfelle kan det vere årsakar som gjer at det vil vere urimeleg belastande å krevje tilknyting til

kommunalt anlegg. I slike tilfelle kan det gjerast ei konkret vurdering av utsetting av tilknytingsplikta og/eller tinglysning av tilknytingsplikt for når bustaden skifter eigar.

Tilrettelegging
Når kommunen krev at private knyter seg til anlegga våre er det samtidig viktig å tilretteleggje for dette når vi byggjer ut nye vatn- og avlaupsanlegg. Aktuelle tiltak kommunen bør gjere er mellom anna:

- Krysse offentlege vegar med kommunale leidningar.
- Gje god informasjon tidleg i planleggina av anlegga slik at berørte grunneigarar får tid til og planlegge tilkoplinga i god tid.
- Legge opp til at grunneigarar får kople seg på anlegga i samband med utbygging av anlegget for å få ned kostnadene ved tilknyting.

Fritidsbustad
Dersom fritidsbusetnad skal kunne krevast knytast til offentleg VA-anlegg, må kommunen vedta dette særskilt, jf. pbl § 30-6: «*Lovens bestemmelser i § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd gjelder for fritidsbebyggelse bare når dette er bestemt i plan...»*. Tilknyting av fritidsbustader må difor vurderast i arbeidet med kommuneplan/reguleringsplan.

**Konklusjon**
Formålet med tilknytningsplikta til offentlege anlegg er å sikre trygt drikkevatn og hindre ureining. Vidare vert kostnadene ved utbygging og drift av kommunale VA-anlegg betalt av abonnentane. Det er dermed viktig at flest mogleg av bustadene nær dei kommunale anlegga vert tilknytt slik at kostnadene vert fordelt på flest mogleg. Samtidig vil det i nokre tilfelle bli uforholdsmessig dyrt eller det ligg føre særlege omsyn som taler mot tilkopling.

Rådmannen vurderar at det er fornuftig å sette eit generelt kostnastak på 2,5 G (ca. 250 000 kr) for tilknyting til både vatn- og avlaup. I tilfelle der det berre er vatn- eller avlaup vil 2 G (ca. 200 000 kr) vere eit akseptabelt tak. Dette gjeld bustader med ein brukseining. For større bustader og næringsbygg bør taket vere høgare, men her må det gjerast ei konkret vurdering. Men i særskilte tilfelle der det til dømes er fare for ureining vil ein høgare kostnad måtte aksepterast. I tillegg vil det kunne gjevast unntak ved særskilte tilfelle til dømes ved nyleg større investeringar i private anlegg.»

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 06.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 043/21 | Utval for næringutvikling og drift | 21.04.2021 |
| 039/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 061/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Retningsliner for bruk av momsavtaler i Alver kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

«Retningsliner for inngåing av mva-avtalar som ledd i gjennomføring av arealplanar i Alver kommune blir vedtatt slik dei ligg føre i vedlegg 1.»

### Utval for næringutvikling og drift 21.04.2021:

#### Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtok.

#### ND- 043/21 Vedtak:

Innstilling frå Utval for næringsutvikling og drift:

Retningsliner for inngåing av mva-avtalar som ledd i gjennomføring av arealplanar i Alver kommune blir vedtatt slik dei ligg føre i vedlegg 1.

### Alver formannskap 22.04.2021:

#### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### FO- 039/21 Vedtak:

«Retningsliner for inngåing av mva-avtalar som ledd i gjennomføring av arealplanar i Alver kommune blir vedtatt slik dei ligg føre i vedlegg 1.»

**Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift og formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**

I arealplanar blir det stadig meir vanleg at det blir stilt rekkefølgekrav med krav til opparbeiding av offentleg infrastruktur. Det kan eksempelvis gjelde krav om at offentleg veg, fortau, park, torg e.l, må vere opparbeidd eller sikra opparbeidd før det blir gitt igangsettingsløyve for eit byggeprosjekt.

Kommunen får momskompensasjon viss kommunen bygger slike tiltak. Med få unntak så vil likevel private utbyggere ikkje ha momsfrådrag eller momskompensasjon dersom dei står som byggherre for slik infrastruktur. Det gjeld sjølv om tiltaka skal overdragast til kommunen etter bygging.

Det er i utgangspunktet to avtalemodellar som kan bidra til å redusere utbygger sin momsbelastning i slike tilfelle. Modellane kallast for høvesvis justeringsmodellen og anleggsbidragsmodellen. Det er frivillig for

kommunar om dei vil inngå momsavtalar, og det er valfritt for ein kommune om han vil bruka ein eller begge modellane.

Inngåing av momsavtalar med kommunen er attraktivt for utbyggere, då det reduserer byggekostnadene deira. Det er òg positivt for kommunen, sidan momsbeløpet på mange måtar bidrar til utvikling i lokalmiljøet ved å gjere byggeprosjekter i området meir lønnsamme. Momsavtalar kan derfor bidra til å gjere kommunen meir attraktiv for utbygging, dei kan initiere til utvikling og vekst, medverka til at det er mogleg å gjennomføre meir heilskaplege utbyggingar, til rimelegare bustadprisar, og dessutan gi eit positivt forhandlingsklima mellom utbygger og kommune. I tillegg er det positivt for kommunen å få overdratt regulerte offentlege areal til offentleg eige, jfr. meir om dette i pkt. 2.7 i saksutgreiinga. Alternativet til mva-avtaler med utbyggere er at meirverdiavgifta går til staten.

Justeringsmodellen er ein avtale etter meirverdiavgiftsregelverket, medan anleggsbidragsmodellen er ein utbyggingsavtale som mellom anna må følgja saksbehandlingsreglane i plan- og bygningslova kapittel 17 om utbyggingsavtalar. Dei to avtalemodellane har svært ulik karakter, og dei krev ulik mengde ressursar og ulik kompetanse av kommunen.

Lindås kommune hadde noko erfaring med bruk av anleggsbidragsmodellen. Dette er ein avtalemodell som har vore ressurskrevande for kommunen å forhandle og følgje opp. Etter erfaringsutveksling med andre kommunar, blir justeringsmodellen vurdert å vere betre tilpassa Alver kommune sin noverande ressurssituasjon.

Etter ei heilskapsvurdering ser Alver kommune på inngåing av momsavtalar med utbyggere som eit viktig bidrag i å vera ein framtidsretta kommune som tilrettelegg for utbygging og vekst, og at det gir meir lønnsamme byggeprosjekt i kommunen. Kommunen vil derfor tilby momsavtalar til utbyggere, då ved bruk av justeringsmodellen.

**Saksopplysninger:**
«Sjå vedlegg 1.

**Vurderinga til rådmannen**

Rådmannen ser fleire fordeler ved å ta i bruk avtalar om justeringsplikt og justeringsrett. Desse avtalane reduserer private utbyggere sin kostnad til meirverdiavgift i deira utbyggingsprosjekt, initierer til utvikling og vekst i kommunen, medverkar til at det er mogleg å gjennomføre meir heilskaplege utbyggingar, og dei bidrar til godt forhandlingsklima mellom kommunen og utbyggere. I tillegg er det positivt for kommunen å få overdratt regulerte offentlege areal til offentleg eige.

»

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 14.04.2021 | Vedlegg 2 - Retningliner for inngåing av mva-avtalar som ledd i gjennomføring av arealplanar | 1541908 |
| 14.04.2021 | Vedlegg 1 - Utgreiingsnotat - Retningsliner for inngåing av mva-avtalar som ledd i gjennomføring av arealplanar | 1542250 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 13.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 044/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 062/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Lokale til E-sport

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Alver kommune avsluttar arbeidet med å finne lokale til Alver E-sport då intensjonen med verbalpunktet er rekna som oppfylt.

### Alver formannskap 22.04.2021:
### Handsaming:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 044/21 innstilling:
Alver kommune avsluttar arbeidet med å finne lokale til Alver E-sport då intensjonen med verbalpunktet er rekna som oppfylt.

**Politisk handsaming**
Saka skal til orientering i formannskap og kommunestyret

**Bakgrunn**
Det vart i vedtak av økonomiplan for 21-24 lagt inn verbalpunkt nr 12 med følgande ordlyd:

*12. E-sport i Alver*
*Alver kommunestyre ber rådmannen gå i dialog med Alver E-sport for å finna lokale for E-sport og leggja rette for naudsynt ombygging. Sak om delfinansiering frå Alver kommune skal opp i formannskapet i løpet av første kvartal. Kommunestyret oppmodar Alver E-sport om å arbeida med å finna sponsorar og sjølv delta i finansiering eller opparbeiding av lokale.*

Tenesteområde Eigedomsforvaltning i samarbeid med tenesteområde Kultur fekk i oppgåve å gå i dialog med Alver E-sport vedr deira behov for lokale for å drive sin aktivitet. Det vart lagt opp til at ein kunne nytte ledige kommunale areal.

**Vurdering:**
Det vart etablert kontakt med Alver E-sport på nyåret 2021 og halde møte 18. februar 2021. Representantar frå eigedomsforvaltning og kultur deltok frå kommunen si side.
Kommunen la fram mulige lokaliteter i Alversund der ein kunne legge til rette for aktiviteten til E-sporten. Alver E-sport hadde allereie etablert dialog og funne eigna lokale på Frekhaug, Mjåtveitflaten på eige initiativ. Lokala er av organisasjonen oppfatta som svært eigna og tilrettelagte for deira aktivitet. Det var på bakgrunn av dette ikkje ønskeleg å flytte aktiviteten til Alversund.
Foreninga dekker utgifter til husleige frå medlemskontingentane sine.
Alver E-sport er ein nyoppretta frivillig organisasjon. Det er ikkje registrert som eit idrettslag og fell slik ikkje

innunder den kommunale ordninga der ein kan søkje driftstilskot til idrettslag eller friluftsorganisasjonar. Dei kan derimot søkje på ordninga for støtte til drift og aktivitet i lag/organisasjonar som ikkje fell inn under dei andre tilskotsordningane. Alver kommune vil slik kunne vurdere å gje tilskot til drift av foreninga på lik linje som for andre lag og organisasjonar i Alver dersom det kjem inn ein søknad frå Alver E-sport.

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 14.04.2021

Saksframlegg

| **Saksnr.** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 042/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 063/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Reglement for styring av investeringsprosjekt

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret vedtek reglement for styring av investeringsprosjekt slik det ligg føre i vedlegg til saka.

### Alver formannskap 22.04.2021:
### Handsaming:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke (A.Byrknes-KRF var ikkje tilstades under røystinga)

### FO- 042/21 innstilling:
Kommunestyret vedtek reglement for styring av investeringsprosjekt slik det ligg føre i vedlegg til saka.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Alver kommune vedtok i mars 2020 retningslinjer for styring av investeringsprosjekt. Vedtaket den gongen vart basert på metodikk frå tidlegare Lindås kommune og gjaldt hovudsakleg byggeprosjekt utanom kommunaltekniske prosjekt (veg, vatn og avløp). Retningslinjene skulle vere midlertidige medan ein utarbeidde eige reglement tilpassa den nye organisasjonen Alver kommune.

**Saksopplysninger:**
Gjennom 2020 har ein styrt dei pågåande investeringsprosjekta mykje basert på tidlegare praksis og planar. Det er eit behov for å kunne gjennomføre og styre investeringsprosjekta på ein sams måte for heile kommunen. Det nye reglementet skal gjelde for alle typar investeringsprosjekt og skildrar prosjektplanlegginga frå konsept til driftsfase.

Målet med reglementet er at investeringsprosjekta skal følgje ein kjent metodikk, kunne planleggast godt og vere føreseielege både for administrasjon og politiske styringsgrupper. Reglementet vil hjelpe både administrasjon og politikarar til å kunne følgje prosjekta fase for fase og kunne ta reelle val knytt til konsept, planlegging og gjennomføring. Risikokartlegging og økonomistyring vert ein vesentleg del av planlegginga. Det vert lagt opp til faste politiske beslutningspunkt i kvart prosjekt der kostnadskonsekvensar og risikokartlegging blir presentert.

### Vedlegg i saken:
15.04.2021 Reglement for styring av investeringsprosjekt 1542635

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 14.04.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 043/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 064/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Mellombels tilrettelegging av areal ved Helsehuset

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
«Kommunestyret løyver kr 2,3 mill til arrondering og mellombels opparbeiding av areal mellom Helsehuset og Kvassnesstemma, GBNR 188/370, 188/737.
Av dette utgjer kr 0,5 mill eks mva kostnader til VA og kr 1,8 mill eks mva kostnader til veg.

Investeringsbudsjettet for 2021 vert auka med kr 0,5 mill på VA (ekskl. mva) og kr 2,25 mill på veg (inkl. mva).
Auken vert finansiert med bruk av lånemidlar med kr 2,3 mill og auke i mva-refusjon på kr 0,45 mill.»

### Alver formannskap 22.04.2021:

### Handsaming:
Orientering ved eigedomssjef Line Valle.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 043/21 Vedtak:
«Kommunestyret løyver kr 2,3 mill til arrondering og mellombels opparbeiding av areal mellom Helsehuset og Kvassnesstemma, GBNR 188/370, 188/737.
Av dette utgjer kr 0,5 mill eks mva kostnader til VA og kr 1,8 mill eks mva kostnader til veg.

Investeringsbudsjettet for 2021 vert auka med kr 0,5 mill på VA (ekskl. mva) og kr 2,25 mill på veg (inkl. mva).
Auken vert finansiert med bruk av lånemidlar med kr 2,3 mill og auke i mva-refusjon på kr 0,45 mill.»

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Det nye helsehuset står ferdig og vert tatt i bruk av kommunale, interkommunale og regionale helsetenester i desse dagar. Uteområda direkte knytt til Helsehuset skal vere klare i løpet av våren '21. Region Nordhordland helsehus IKS (RNHI) har vore byggherre for arbeida. I anleggstida har RNHI lånt kommunal eigedom; GBNR 188/370 og 188/737 sør for Helsehuset til riggområde. Etter avtalen med RNHI skal området førast tilbake til sin opprinnelege stand etter at anleggstida er over.
Arealet fungerte tidlegare som parkeringsplass både til verksemder i denne delen av Knarvik, men vart også nytta som pendlarparkering. Området var delvis grusa, dels asfaltert og hadde svært enkel opparbeiding før bygging av Helsehuset starta. Når Helsehuset no står klart med uteområde og nye gangvegar rundt, vil arealet bli tydeleg eksponert som eit ope areal ned mot Kvassnesstemma.
Arealet er regulert til offentleg tenesteyting og allmenning i Knarvikplanen. Det er pr i dag ikkje konkrete planar om når desse areala vert permanent opparbeidd slik intensjonen i planen er.

**Saksopplysninger:**

Arealet rundt Helsehuset vil bli mykje nytta av besøkande, pårørande og bebuarar i Knarvik. Dei to tomtene som har vore nytta som riggareal ligg direkte knytt til turområdet rundt Kvassnesstemma. Tomtene bind også saman arealet mellom Helsehuset/Kvassnesvegen og Knarvik Industri og Miljø, BKK, Gjenbruksbutikken og vil bli ein foretrukken veg mellom Knarvik sentrum, aust og desse områda. Det vil truleg vere betydeleg gangtrafikk over tomtane.

Køyretilkomst til dei to kommunale tomtene vil fram til permanent opparbeiding berre kunne skje via innkøyringa som vart etablert i anleggstida, mellom Kvassnesvegen 46 og Kvassnesvegen 48A (Helsetunet/tidl Legevakt, Knarvik). Det betyr at denne tilkomsten må haldast open til permanent utforming står klar. Vegen vil også måtte nyttast av verksemdene som held til i Kvassnesvegen 46 og 44.

Behovet for mellombels parkeringsareal i ein periode der Knarvik er i transformasjon vil vere stort. Statens vegvesen er i gang med sitt prosjekt Oval rundkjøring i samarbeid med Alver kommune. I anleggstida vil ein del kommunale parkeringsplassar forsvinne. Ei tilrettelegging av dei to kommunale tomtene ved Helsehuset kan bidra til at ein kan løyse noko av parkeringsbehovet i området.

Administrasjonen ser at det vil vere viktig at dei to kommunale tomtene får ei enkel arrondering i samband med at Helsehuset ferdigstiller sine uteområde. Då det kan bli fleire år til areala blir permanent opparbeidd etter områdeplanen, er det uheldig om området melllom Helsehuset og Kvassnesstemma ikkje vert rydda opp i slik at ein tilrettelegg for gangtrafikk og besøkande til området. Dersom ein vel å la området ligge med den enkle opparbeidinga som er avtalt med RNHI er det sannsynleg at området vert nytta som tilfeldig lagringsplass og «bakgård» for Helsehuset. Dette er uheldig både for turområdet Kvassnesstemma og eigedommane tett inntil dei kommunale tomtene.

Dei mellombelse tiltaka administrasjonen tilrår å opparbeide er følgande:

- Grunnarbeid for sørge for god drenering og overvannshandtering i området
- Sikre tilrettelegging av VA for framtidig utforming av allmenningen
- Sikre trygge ganglinjer over og gjennom området
- Enkel belysning
- Asfaltering

**Vurdering:**

Alver kommune har ikkje planar om eller avsette midlar til å gå i gang med den permanente utforminga av tilgrensande tomter til Helsehuset pr i dag, ref Knarvikplanen. Ein kan velje å la tomtene stå utan opparbeiding fram til detaljerte planar og finansiering ligg føre eller ein kan gjere ei enkel arrondering slik at areala kan nyttast av ålmenta fram til den permanente løysinga står klar.

Ved å gjennomføre ei enkel arrondering no vil området framstå funksjonelt og støtte opp om behova både til Helsehuset, verksemdene rundt, naboar og kommunens innbyggarar. Dersom en unnlet å gjere enkle tiltak no, vil tomtene hindre god framkommelegheit inn mot Helsehuset og naboeigedommane, framstå som uferdig og ikkje kunne brukast effektivt over eit relativt langt tidsrom. Det er viktig å peike på at ei investering knytt til arrondering ikkje vil kunne vere ei permanent løysing verken knytt til plan eller utforming, men er eit avbøtande tiltak som gjev området ei tryggare utforming og større samfunnsnytte medan ein planlegg for den permanente situasjonen. Den mellombelse arronderinga vil legge opp til at den tekniske infrastrukturen under bakken kan bli liggande permanent.

Rådmann rår til at kommunestyret vedtek ei mellombels arrondering av dei to tomtene og legg til rette for bruk av areala.

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 13.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 045/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 065/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Nytt mandat for Brannstasjon på Manger

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Kommunestyret vedtek nytt mandat slik det ligg føre i vedlegg til saka

### Alver formannskap 22.04.2021:

### Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### FO- 045/21 Vedtak:

Kommunestyret vedtek nytt mandat slik det ligg føre i vedlegg til saka

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i Formansskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Arbeidstilsynet har kome med krav til utbetringar av eksisterande brannstasjon på Manger. Stasjonen er i dag samlokalisert med driftsstasjonen. Tilbake i 2017 er det gjort vurderingar av eksisterande bygg. Konklusjonen den gongen var at det mest hensiktsmessige var å etablere ny stasjon på eigen tomt på Solendmyra. Det vart løyvd 15 mill kroner til prosjektet.

Solendmyra er pr i dag under regulering. Den aktuelle tomta for brannstasjon har ikkje framlagt teknisk infrastruktur som veg, vatn, avløp og straum. For å kunne etablere ny stasjon på Solendmyra vil ein truleg måtte auke den vedtekne økonomiske ramma.
Rådmann ønskjer difor at ein på nytt vurderer om det er mogeleg å stette krava frå Arbeidstilsynet ved å gjere ombygging og tilpassingar i eksisterande stasjon. Målet er at ein skal realisere prosjektet innanfor den vedtekne ramma.

**Saksopplysningar:**
Vedlagt mandat skildrar arbeid og leveransar i konseptfasen. Ut frå arbeidet i konseptfasen skal ein kunne gjere vurderingar av om ein skal gå vidare med eit ombyggingsprosjekt eller halde på den opprinnelege planen med å bygge ny brannstasjon.

### Vedlegg i saken:

| | | |
|---|---|---|
| 15.04.2021 | Mandat brannstasjon | 1542394 |

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 19.04.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 045/21 | Utval for næringutvikling og drift | 21.04.2021 |
| 066/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |
| 049/21 | Utval for næringutvikling og drift | 28.04.2021 |

## Leveranse av scenarioanalyse Nordhordland / Alver

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Kommunestyret tar scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering
- Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.

### Utval for næringutvikling og drift 21.04.2021:

### Handsaming:

Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande tilleggsframlegg i møtet:
*Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:*

*1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.*
*2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.*
*3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.*
*4. Regionen må arbeida med merkevareposisjonering og markedsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.*
*5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner utvalet dette er ei god anbefaling. Utvalet ønskjer at ein på regionalt nivå etablerer eit eige organ som har fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivititet og storskalafordeler for næringsutvikling. Eit slikt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.*
*6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og eit slikt organ som er nemnd over bør m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.*

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.
Utvaet vedtok samrøystes Stian Lavik (KRF) sitt tilleggsframlegg.

### ND- 045/21 Vedtak:

Innstilling frå utval for næringsutvikling og drift:

- Kommunestyret tar scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering
- Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.

Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:

1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.
2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.
3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.
4. Regionen må arbeida med merkevareposisjonering og markedsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.
5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner utvalet dette er ei god anbefaling. Utvalet ønskjer at ein på regionalt nivå etablerer eit eige organ som har fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivititet og storskalafordeler for næringsutvikling. Eit slikt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.
6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og eit slikt organ som er nemnd over bør m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.

### Utval for næringutvikling og drift 28.04.2021:

### Handsaming:

**Ny handsaming i utval for næringsutvikling og drift - Tydeleggjering av vedtak i sak 045/21 i ND:**

<u>Utvalsleiar Stian Lavik (KRF) sette fram følgjande framlegg til innstilling i saka:</u>
*Kommunestyret tek scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering.*
*Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.*

*<u>Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:</u>*

*1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.*

*2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.*

*3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.*

*4. Regionen må arbeida med merkevare-posisjonering og marknadsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.*

*5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner Alver kommune dette er ei god anbefaling.*
*Kommunestyret ønskjer at ein vurderer på regionalt nivå å etablera eit eige organ som har kompetanse og fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler for næringsutvikling, i tråd med anbefalingane i rapporten. Eit slikt regionalt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.*
*Kommunestyret i Alver vil støtta Regionrådet sitt vedtak frå 16.april 2021 om å setja ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida vidare med dette.*

*6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og dersom ein opprettar eit organ som er nemnd over bør dette organet m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.*

Stian Lavik (KRF) sitt framlegg i møtet vart sett opp mot utvalet sitt vedtak i sak 045/21.
Lavik sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### ND- 049/21 Vedtak:

<u>Utval for næringsutvikling og drift kjem med følgjande innstilling i saka:</u>
Kommunestyret tek scenarioanalysen Nordhordland/Alver til orientering.
*Alver kommune skal nytte scenarioanalysen som eit kunnskapsgrunnlag for planprosessar, strategiar og aktuelle utviklingsprosessar i åra framover.*

*Med bakgrunn i anbefalingane i Scenarioanalysen for Nordhordland/Alver, vil kommunestyret i Alver kommune peika på følgjande:*

1. Alver og Nordhordland må ha eit høgt fokus på næringsutvikling i regionen, mellom anna med tanke på arbeidsplassutvikling i området.

2. Regional satsning på næringsutvikling må ha Fensfjordbassenget som hovudmotor.

3. Det må arbeidast på alle nivå med å følgja anbefalingane frå Scenarioanalysen.

4. Regionen må arbeida med merkevare-posisjonering og marknadsføring av Nordhordland som attraktiv næringsregion, i tråd med anbefalingane.

5. Når det gjeld rolleavklaring mellom regionalt nivå, kommunalt nivå, industriutviklingsselskap, og næringslivet generelt, meiner Alver kommune dette er ei god anbefaling.
Kommunestyret ønskjer at ein vurderer på regionalt nivå å etablera eit eige organ som har kompetanse og fokus på strategisk posisjonering, vertskapsattraktivitet og storskalafordeler for næringsutvikling, i tråd med anbefalingane i rapporten. Eit slikt regionalt organ bør ha representasjon frå folkevald side, regional/kommunal administrasjon, næringsutviklarar, og næringslag. Dette organet må samhandla med alle dei ulike nivåa frå anbefalingane i rapporten.
Kommunestyret i Alver vil støtta Regionrådet sitt vedtak frå 16.april 2021 om å setja ned ei arbeidsgruppe som skal arbeida vidare med dette.

6. Regionen bør setja seg konkrete mål for dei komande åra, og dersom ein opprettar eit organ som er nemnd over bør dette organet m.a. få i oppgåve å arbeida med dette.

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i utval for næringsutvikling og drift.
Saka skal avgjerast i kommunestyret 6. mai

**Kva saka gjeld:**

Denne saka gjeld leveranse av scenarioanalyse Nordhordland/Alver som vart bestilt i sak 100/20 (kommunestyremøte 17.09.20).

**Saksopplysningar:**

**Bakgrunn:**

I sak 100/20, *Prosess og rammer for moglegheitsstudie Nordhordland/Alver*, gjorde kommunestyret i Alver følgjande vedtak:

- Alver kommune set av ei økonomisk ramme på kr 750.000 til ein moglegheitsstudie/scenarioanalyse for Nordhordland/Alver.
- Moglegheitsstudien er ein delprosess av scenarioanalysen for Vestland, gjennomført av Vestland fylkeskommune.
- Moglegheitsstudien for Nordhordland/Alver skal vere eit samarbeid med næringslivet i regionen
- Arbeidet blir finansiert i tråd med vedtak i utval for næringsutvikling og drift 29.04.2020 sak 22/20 og kommunestyret 14.05.2020 sak 38/20.

Bakgrunnen for dette vedtaket var ein prosess som starta våren 2020, der kommunen og næringslivet i regionen ønska å sjå på konsekvensane av koronapandemien. Planen var å gjennomføre ei scenarioanalyse i samarbeid med Vestland Fylkeskommune, og kommunestyret i Alver vedtok i mai 2020 å gjennomføre ein prosess under føresetnad av at Vestland fylkeskommune bidrog med økonomiske midlar. Men fylkeskommunen ønska å gjennomføre ei scenarioanalyse for heile Vestland fylke, og ville gjennomføre prosessen sjølv. Vestlandsscenarioene blei lansert i slutten av oktober 2020.

Som ein del av Vestlandsscenarioene blei det lagt opp til at regionane i Vestland fylke kunne bestille eigne

delanalyser for sine område. Alver kommune og Nordhordland næringslag (NONL) tok derfor initiativ til å gjennomføre ein eigen scenarioanalyse for Nordhordland/Alver. Målet med prosessen var å få eit kunnskapsgrunnlag om næringslivet, konsekvensane av pandemien og grunnlag for framtidige strategiske satsingar i regionen. Prosessen med scenarioanalysen blei også forankra på eit møte i regionrådet hausten 2020.

**Mandat for scenarioanalysen**

Kommunestyret sitt vedtak i sak 100/20 var ei bestilling til å starte prosessen og endeleg mandat for scenarioanalysen blei avklart i slutten av november. Scenarioanalysen gjeld for alle kommunar i Nordhordland inkludert Osterøy og Vaksdal. Sentrale element i mandatet:

- Regional oversikt (per 2018/2019)
  - Fakta og analyse om verdiskaping, sysselsetting, omsetning, storleik på verksemder, effekt av covid-19. Samanlikning med tal på Vestlandsnivå.
- Scenariomodellering (2020 – 2025)
  - Utvikle scenarioer for kort og mellomlang sikt med fokus på verdiskaping og sysselsetting. Særleg for dei viktigaste næringane. Analysere verdikjeda til oljeindustrien regionalt og vurdere ringverknader opp mot scenarioene. Analysere omstillingsgrad i næringslivet og avklare kva gap som må tettast med nye satsingsområde.
- Moglegheiter og barrierer
  - Kva satsingsområde skal regionen ha og kor bør ein satse? Kva for barrierer må løysast for å sikre grunnlag for nye vekstområde?
- Oppsummering og anbefaling
  - Presentasjon av styrker og svakheiter. Kva er dei største utfordringane og kor ligg dei største mulighetene? Kva kan regionen påverke og korleis skal vi jobbe får å sikre nye vekstområde?

Prosjektet er gjennomført av konsulentselskapet EY, og det har vore eit tett samarbeid med næringslivet i regionen og alle kommunane. På grunn av prosessen med å utarbeide prospekt for batterifabrikk, blei gjennomføring av prosjektet flytta noko fram i tid. Endeleg lansering blei gjennomført 22. mars i samarbeid med alle aktørar som har vore involvert.

**Vurdering:**
Målet med scenarioanalysen har vore å etablere eit faktabasert kunnskapsgrunnlag og utvikle scenarioar for næringsutvikling og sysselsetting i regionen. I tillegg skal dette vere eit felles grunnlag for kommunale og regionale planprosessar, samt at bedriftene har eit grunnlag for strategiske prioriteringar.

Rådmannen ser på scenarioanalysen som eit godt grunnlag for dei plan- og strategiprosessar som kommunen skal gjennom dei åra, og analysen kan nyttast målretta inn mot ulike prosessar. Døme på dette kan vere kommuneplanen sin samfunnsdel og strategisk næringsplan. Rådmannen ser ikkje behov for å gjere ei større utgreiing rundt scenarioanalysen i denne saka, då grunnlaget i rapporten vil bli brukt aktivt i fleire av kommunen sine utviklingsprosessar. Men det er likevel nokre moment frå analysen som er viktig å trekke fram og som blir sentrale i vidareutvikling av regionen og kommunen.

- Nordhordland er ein industriregion der olje og gass er den klart største næringa målt i verdiskaping.
- For Alver kommune står olje og gass for nærare 50% av verdiskapinga
- Regionen har historisk vore mindre ramma av nasjonale og internasjonale kriser, og det verkar til at næringslivet i regionen har klart seg greitt gjennom koronakrisa.
- Denne historiske stabiliteten har også bidratt til at det i liten grad har vore behov for omstilling til nye næringar.
- Næringsstrukturen er einsidig og gjer regionen og kommunen sårbar.
- Aktiviteten på Mongstad og rundt Fensfjordbassenget skapar mange jobbar, og aktiviteten i olje og gass gir store ringverknader for andre næringar og høg kjøpekraft
- Det er lite som tyder på vidare vekst for oljeindustrien i Nordhordland, og det er forventa eit lågare aktivitetsnivå nesten uansett kva scenario ein tar utgangpunkt i.
- Det er kritisk viktig at regionen lukkast med å bygge nye arbeidsplassar i ny grøn industri parallelt med kontinuerleg omstilling av eksisterande industri.
- Det er planlagt nye prosjekt og etableringar på over kr 24 mrd i heile regionen. Målt i verdiskaping og sysselsetting ser vi at det største volumet er konsentrert rundt Fensfjorden.

- Utvikling av ny industri og nye arbeidsplassar i Fensfjorden vil vere ein nøkkelfaktor for regionen. Og Greenspot Mongstad kan vere med å bidra til denne utviklinga.
- Med ein mogleg framtidig batterifabrikk har scenarioanalysen identifisert nær 1800 direkte nye arbeidsplassar. Ringverknadane er på 4300 arbeidsplassar (inkludert direkte arbeidsplassar)
- Men det finns fleire barrierer for å realisere ønska scenario. Og regionen og Vestland fylke må ha ei felles mobilisering for å løyse barrierene. Døme på barrierer er:
    - Mangel på nettkapasitet.
    - Infrastruktur som legg til rette for mobilitet
    - Mangel på kvalifisert arbeidskraft
    - Attraktivitet, tiltrekke nye store verksemder
    - Manglar erfaring med pilotprosjekt, skalering og kommersialisering
    - Manglande felles strategi og samarbeid
    - Einsidig næringsstruktur og manglande evne til omstilling – for seint ute
- I scenarioanalysen anbefaler EY nokre grep og tiltak for å sikre suksessfull overgang til neste generasjon industriregion. Hovudtrekka i tiltaka er følgjande:
    - Vi må posisjonere og marknadsføre regionen som ein attraktiv region for nyetableringar og kvalifisert arbeidskraft
    - Infrastruktur og tomter må vere klare for dei som skal etablere seg (plug and play)
    - Verksemdene i Fensfjordbassenget kan tilby tenester som dekker alle behov for ny industri. Det kan vere ein stad der ein får alt. Men då trengs det samarbeid på tvers og tilrettelegging for nye marknader.
    - Felles mobilisering for å etablere industrielle klynger i regionen. Havvind, hydrogen, industriteknologi kan være aktuelle kompetanseområde.
    - Tydlegare roller og ansvarsfordeling. Det bør vere ei meir tydeleg avklaring på kven som gjer kva i det regionale og kommunale utviklingsarbeidet. Her har regionråd, kommunar, verksemdene, næringsråda og næringsutviklingsselskap ulike roller. Aktørane bør ha ein felles strategi, men i oppfølginga har aktørane ulike roller.

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 19.04.2021 | Mandat Scenarioanalyse Nordhordland | 1545872 |
| 19.04.2021 | Nordhordland scenarioanalyse - executive summary | 1545873 |
| 19.04.2021 | Nordhordland scenarioanalyse | 1545874 |

| | |
|---|---|
| **Arkiv:** | <arkivID>32T |
| **JournalpostID:** | |
| **Sakshandsamar:** | |
| **Dato:** | 15.04.2021 |

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 046/21 | Alver formannskap | 22.04.2021 |
| 067/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Forskrift for politivedtekter for Alver kommune

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Formannskapet oversender framlegg til politivedtekter for godkjenning i kommunestyret, med følgjende formulering knytt til tigging:

### Alver formannskap 22.04.2021:

### Handsaming:

Formulering i rådmannen sitt framlegg - innstilling frå formannskapet vert endra til kommunestyret.
Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.
**Tilleggsframlegg frå AP og KrF ved Ø.Oddekalv-AP:**
Tigging utgår frå vedtektene. (§2-4 vert tatt vekk, og dei påfølgjande paragrafane blir oppdaterte med rett nummer)
Framlegget vart vedteke med 9 røyster (mot T.Larsen-H, N.Øvreås-FRP, I.Fjeldsbø-H og T.Sletten-Hansen-Uavh.)
**Tilleggsframlegg frå T.Larsen-H:**
§2-4. Tigging skal lyde:
Tigging på offentleg stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet som kan setja vilkår om tid og stad for tigginga.
Framlegget fekk 4 røyster og fall (T.Larsen-H, N.Øvreås-FRP, I.Fjeldsbø-H og T.Sletten-Hansen-Uavh.)

### FO- 046/21 Vedtak:

Kommunestyret oversender framlegg til politivedtekter for godkjenning i kommunestyret, med følgjende formulering knytt til tigging:
Tigging utgår frå vedtektene. (§2-4 vert tatt vekk, og dei påfølgjande paragrafane blir oppdaterte med rett nummer)

**Politisk handsaming**
Saka skal til innstilling i formannskap
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Bakgrunn**
Heimel for kommunal politivedtekt følgjer av lov om politiet av 4. august 1995 nr. 53 § 14:

I vedtekter som fastsettes av kommunen og godkjennes av departementet eller den instans departementet fastsetter, kan det gis bestemmelser

1.om å opprettholde ro og orden, sikre ferdselen og for å hindre tilgrising, herunder klistring og maling på vegger, murer o l., på steder som er alminnelig beferdet eller bestemt for alminnelig ferdsel. Bestemmelser om hunder og hundehold fastsettes etter hundeloven.

2. i samsvar med lokale sedvaner, om hus- eller grunneiers plikt til på de steder som er nevnt i nr. 1, å holde det rent og ryddig på fortau eller tilsvarende område i umiddelbar tilknytning til eiendommen, rydde for snø og strø når det er glatt

3. om meldeplikt for den som vil holde et arrangement som er allment tilgjengelig, selv om arrangementet ikke skjer på offentlig sted, når arrangementets art eller størrelse gjør det sannsynlig at politioppsyn blir nødvendig av hensyn til ro og orden eller avvikling av trafikken. Meldeplikten kan også omfatte sammenkomst med dans eller annen tilstelning av overveiende selskapelig eller underholdende art for medlemmer av forening eller lignende sammenslutning

4. om at det for arrangement på offentlig sted som overveiende er av underholdningsmessig, kunstnerisk, selskapelig eller kommersiell art, og som har et omfang som åpenbart vil medføre behov for betydelige ferdselsreguleringer eller vakthold, må leveres inn søknad i stedet for melding etter § 11. Nærmere frist for innlevering av slik søknad kan fastsettes

5. om at barn under 15 år ikke har adgang til offentlig dans eller lignende allment tilgjengelig tilstelning uten i følge med foreldre eller andre foresatte

6. om regulering av ervervsvirksomhet på offentlig sted som ikke faller inn under regulering i andre lover

7. om politiets kontroll med pantelånervirksomhet.

8. om forbud mot eller nærmere vilkår for tigging på offentlig sted eller fra hus til hus.

Det kan fastsettes at den som vil tigge, må melde seg for politiet på forhånd. Kommunane Lindås, Meland og Radøy har hatt eige politivedtekter. Vedtektene er gjeldande ut 2020, jf. forskrift om samanslåing av Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune. Til saman har forskriftene med andre ord hatt verknad som politivedtekter for Alver kommune, men avgrensa til ut 2020. Det er dermed trong for å vedtak politivedtekter som skal gjelde for Alver kommune fram i tid. Kommunen vil for ein tid vere utan politivedtekter, men Lensmannen i Nordhordland har i møte med kommunen bekrefta at dette ikkje vil ha stor betydning for politiets arbeid i perioden.
Politidirektoratet har gitt ut rundskriv om normalpolitivedtekter med merknader. Rundskrivet har verknad som eit utgangspunkt for utforming av politivedtekter i kommunane, både i form og innhald. Politivedtektene i dei tidlegare kommunane er med svært få unntak likt utforma og dei byggjer på normalpolitivedtekta som var gjeldande på vedtakstidspunktet. Politivedtektene er noko justert sidan den gong. Framlegget til politivedtekter for Alver kommune er lagt opp etter siste oppdaterte normalpolitivedtekter gjeven ved rundskriv 02/2018 frå politidirektoratet, datert 13.02.2018. Rundskrivet beskriv også sakshandsamingsreglar i tillegg til form og innhald i av ein politivedtekt.

Normalpolitivedtekter med kommentarar er vedlagt saka.

Sakshandsaming:
Ein politivedtekt er formelt sett ein lokal forskrift og sakshandsamingsreglane i forvaltningslova § 37 skal følgjast ved tilblivinga.
Utarbeiding av forslag til vedtekt skal skje i samarbeid med politiet og forslaget skal handsamast av kommunestyret.
Politivedtekta skal sendast til Politidirektoratet for legalitetskontroll, stadfesting og kunngjering.

Saksopplysningar:
Utkast til forskrift ble utarbeida i samarbeid med Lensmannen i Nordhordland. Lensmann Idar Vangberg har i eige møte med administrasjonen gått gjennom dei tidlegare forskriftene og normal politivedtekta og forslaget som ligg føre er utarbedd i fellesskap. Frå Alver kommune deltok Martin Kulild og Jarle Landås. Vangberg deltok også i møte med formannskapet, under handsaming av sak 005/21. Normalpolitivedtekta er i hovudsak lagt til grunn, med nokon få lokale tilpassingar.

Lensmannen var klar på at han etter eit politifagleg standpunkt ønskjer eit forbod mot tigging, altså at alternativ ein i utkastet skal vere gjeldande for Alver kommune. Bakgrunnen for dette er opplevd utfordringar med tigginga i Knarvik. Det er bakmenn som ofte styrar tigginga og det er erfart at det også fører med seg

tilleggsutfordringar som prostitusjon og anna kriminell åtferd.

Framlegg til politivedtekt har etter handsaming i formannskapet, sak 005/21, vore ute på høyring. Det er ikkje kome inn framlegg til endringar.

Før oversending til kommunestyret, bør formannskapet ta stilling til kva formulering som skal gjelder knytt til § 2-4. Kommunestyret må, før endeleg vedtak gjerast velje formulering knytt til alternativane (oppdatert etter handsaming i formannskapet, 4.2.21):

§ 2-4. Tigging

Tigging på offentleg stad eller frå hus til hus er forbode.

Eller

tigging på offentleg stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet som kan setja vilkår om tid og stad for tigginga.

Eller

tigging på offentleg stad eller frå hus til hus, kan berre skje etter at det først er sendt melding til politiet.

Eller

tigging utgår frå vedtektene. (§2-4 vert tatt bort, og dei påfølgjande paragrafane oppdaterast med rett §)

FO- 005/21 vedtak:
Utkast til forskrift politivedtekt for Alver kommune vert lagt ut på høyring med følgjande endring:
Formannskapet meiner det må komme tydeleg fram i høyringa at det er eit alternativ å ikkje regulere tigging i politivedtektene. Derfor må ein inkludere følgjande i vedtektsteksten under § 2-4:
«… eller
§ 2-4 Tigging utgår frå vedtektene.»

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 05.02.2021 | Forskrift for politivedtekter for Alver kommune | 1489637 |
| 08.01.2021 | Normalvedtekter med kommentarer - nynorsk | 1495556 |
| 08.01.2021 | Forskrift politivedtekter Alver kommune | 1495563 |

**Arkiv:** <arkivID>32T
**JournalpostID:**
**Sakshandsamar:**
**Dato:** 12.04.2021

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 068/21 | Alver kommunestyre | 06.05.2021 |

## Melding/orientering til kommunestyret 06.05.2021

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**
Meldinga vert teke til orientering

**Politisk handsaming**
Saka skal avgjerast i kommunestyret

**Meldingar/orienteringar:**

- Kontaktperson i politiet, sjå vedlegg

**Vedlegg i saken:**

| | | |
|---|---|---|
| 29.04.2021 | Kontaktperson i politiet - brev til ordfører Alver (L)(359977) | 1541407 |

Lensmann Kjell-Idar Vangberg
Nordhordland lensmannsdistrikt

Isdalstø, den 23. mars 2021.

Ordførar i Alver kommune

**KONTAKTPERSON I POLITIET.**

Alle i kommunestyret skal gjerast kjende med kven som er kontaktperson hos politiet, og for Dykkar kommune er dette vår politikontakt, politioverbetjent Ole Kristoffer Tveiten.

Kontaktpersonen skal vera den det er naturleg å ta kontakt med, spesielt om det fram mot valet hausten 2021 kjem ytringar mot politikarane politiet bør vera kjende med. Dette for at politiet skal kunne vurdera om det er naudsynt med tiltak, enten i det førebyggjande sporet eller om ein skal etterforska.

Dersom politikontakten ikkje er tilgjengeleg tek de kontakt med lensmannen.

Akutte hendingar skal meldast til politiet på vanleg måte.

Mvh

Kjell-Idar Vangberg
Lensmann